

The image features a dark blue background with intricate, light-colored line art patterns resembling stylized wings or feathers. On the left side, there is a vertical strip of lighter blue with large, overlapping geometric shapes. The Noregs Bank logo, a stylized 'NB' with decorative flourishes, is positioned to the left of the text 'NOREGS BANK'.

 NOREGS BANK

Årsrapport om betalingssystem

2012 | mai 2013

Årsrapport om betalingssystem 2012



Noregs Bank sitt ansvar og årsrapportering

Noregs Bank sitt ansvar på betalingsområdet

Noregs Bank skal arbeide for robuste og effektive betalingssystem. I sentralbanklova heiter det at Noregs Bank skal fremje eit effektivt betalingssystem innlands og overfor utlandet. Det gjer Noregs Bank i hovudsak på tre måtar:

- Vi syter for sikkert og effektivt oppgjer av betalningar mellom bankane på deira konti hjå oss.
- Vi syter for tilgang på norske setlar og myntar på ein måte som fremjar eit effektivt betalingssystem og gir god tryggleik mot forfalsking. Det gir òg tilgang til betalingsinstrument i situasjonar der andre betalingsinstrument ikkje står til rådvelde.
- Vi overvaker viktige utviklingstrekk i betalingssystemet og ser på korleis det kan bli meir robust og effektivt.

I tillegg gir betalingssystemloven Noregs Bank ansvaret for konsesjon og tilsyn med system for avrekning og oppgjer av pengeoverføringar mellom bankane (interbanksystem). Interbanksystema skal vere utforma og drifta slik at dei står opp under stabiliteten i det finansielle systemet. Noregs Bank fører tilsyn med at vilkåra for konsesjonane blir følgde, og kan supplere med ekstra krav til eigarane av systema om det er naudsynt.

Noregs Bank og Finanstilsynet sitt arbeid med betalingssystema supplerer kvarandre. Noregs Bank har hovudansvaret for å sjå til at verksemda i interbanksystema er i samsvar med lova og konsesjonsvilkåra, medan Finanstilsynet har hovudansvaret for overvaking av dei kunderetta systema for betalingstenester. Finanstilsynet fører mellom anna tilsyn med teknisk tryggleik og driftsstabilitet i systema for betalingstenester. Finanstilsynet publiserer årleg ein risiko- og sårbarheitsanalyse som trekkjer fram viktige spørsmål i bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi innafor finanssektoren. Noregs Bank og Finanstilsynet har regelmessig kontakt og utvekslar informasjon.

Årsrapport om betalingssystem

Rapporten blir publisert som ein del av arbeidet med å fremje robuste og effektive betalingssystem. Hovudstyret har behandla rapporten og teke han til etterretning. Rapporten har to hovuddelar. Del 1 drøftar utviklinga i kunderetta betalingsformidling, medan del 2 tek for seg interbanksystem. Dei to delane speglar Noregs Bank sitt ulike ansvar på dei to feltene:

- Del 1 analyserer utviklinga i den kunderetta betalingsformidlinga og vurderer om og korleis den kan bli meir effektiv. Med unntak for arbeidet med kontantar, har Noregs Bank ikkje andre verkemiddel retta mot systema for betalingstenester enn å publisere analysar og gje råd.
- Del 2 speglar Noregs Bank sine oppgåver og verkemiddel for overvaking av og tilsyn med interbanksystem og annan finansiell infrastruktur. Arbeidet har fokus på tryggleik og konsekvensar for finansiell stabilitet.

Målgruppa for rapporten er andre styresmakter, eigarar og operatørar av betalingssystem, finansinstitusjonar og deira bransjeorganisasjonar og publikum. For å bidra til empirisk kunnskap om betalningar og betalingssystem blir tabellane og datagrunnlaget for figurane lagt ut i eit maskinlesbart format.

Noregs Bank Oslo 2012

Adresse: Bankplassen 2
Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 22 31 63 83
Telefaks: 22 31 64 16
Reg nr: 0629/7
E-post: central.bank@norges-bank.no
Internett: <http://www.norges-bank.no>

Sentralbanksjef: Øystein Olsen
Visesentralbanksjef: Jan F. Qvigstad

Ansvarleg redaktør: Øystein Olsen
Omslag og grafisk utforming: Burson-Marsteller
Sats: Noregs Bank
Trykk: 07 Media
Teksten er sett med 10,5 pt Times New Roman / 9 pt Univers

ISSN 1503 – 8602 (trykt)
ISSN 1503 – 8610 (online)

Innhold

Noregs Bank sitt ansvar og årsrapportering	2
Hovudpunkt	4
1 Kunderetta betalingsformidling	6
1.1 Bruk av betalingsinstrument	6
1.2 Prisar i betalingsformidlinga	9
1.3 Tryggleik	9
1.4 Betalingar i euroområdet	11
Rammer	
Effektiviteten i betalingssystemet i ulike land	13
Nye betalingsaktørar	17
2 Interbanksystem og oppgjør av valuta- og verdipapirhandel	20
2.1 Interbanksystem	23
2.1.1 Norwegian Interbank Clearing System (NICS)	23
2.1.2 Noregs Banks oppgjerssystem (NBO)	28
2.1.3 Private oppgjersbankar	30
2.2 Oppgjør av valutahandlar	30
2.3 Handel med og oppgjør av verdipapir	34
2.3.1 Verdipapirhandel	35
2.3.2 Verdipapiroppgjør	36
2.3.3 Sentrale motpartar	37
Rammer	
Norsk finansiell infrastruktur	21
Smitteeffektar av at ein bank manglar dekning i nettooppgjøret	27
Nye prinsipp for overvaking av finansiell infrastruktur	32
Ny europeisk regulering som gjeld finansiell infrastruktur	39
Referansar	41
Tabellregister	43
Definisjonar og forkortingar	58
Forklaringar til tabellane	61

Hovudpunkt

Ein velfungerande økonomi byggjer på at betalingar og andre finansielle transaksjonar kan gjennomførast raskt, sikkert og til låge kostnader. Skulle betalingssystemet svikte, vil store delar av økonomien stanse. Sidan den samfunnsøkonomiske kostnaden då er langt større enn kostnaden for dei som eig systemet, er det avgjerande at det blir stilt strenge krav til at eigarane avgrensar risikoen i betalingssystemet. Noregs Bank har ansvar for å fremje eit effektivt betalingssystem og føre tilsyn med og overvake den finansielle infrastrukturen.

Eit effektivt betalingssystem

Kostnadseffektiviteten i det norske betalingssystemet er god, mellom anna som følgje av høg bruk av betalingskort. Betalingar kan gjennomgåande utførast både raskt og trygt. Noregs Bank vurderer betalingsformidlinga i Noreg som effektiv samanlikna med andre land.

Det er likevel rom for forbetringar. Sjølv om store gevinstar alt er henta ut ved overgangen frå papirbaserte til elektroniske system, er det framleis eit potensial for effektivisering i betalingssystemet ved auka bruk av elektronisk faktura.

Samstundes er det viktig å motverke at dei effektive betalingsløysingane i dag blir svekte. Det norske debetkortsystemet BankAxept har ein høg marknadsdel og låge kostnader per transaksjon. Likevel aukar bruken av internasjonale betalingskort, trass i at desse har vesentleg høgare kostnader per transaksjon. Rett nok har kortsystema nokre ulike eigenskapar, som kan tilseie visse skilnader i kostnadene, men for kostnadseffektiviteten isolert sett er det uheldig om løysingar med høgare kostnader vinn fram. Konkurransen mellom bankane har bidrege til at bruken av kort – både BankAxept og internasjonale betalingskort – ofte er gratis eller svært billig for brukaren. Brukarstadene må derimot betale høge formidlingsgebyr når kundane vel internasjonale betalingskort. Ein viktig føresetnad for effektiv ressursbruk er at brukarane blir stilte overfor prisar som speglar kostnadene ved å produsere tenestene. Det kan skje

dersom brukarstader nyttar høvet dei har til å prise betalingsløysingar i samsvar med kostnadene dei har i samband med løysingane.

Det er lite svindel med betalingsinstrument i Noreg, men trusselbiletet endrar seg heile tida. I andre land er svindel med elektroniske system eit aukande problem. Det er viktig, men òg krevjande for bankane å halde oppe tilliten til betalingsløysingane. Finanstilsynet rapporterer om stadig fleire angrep mot norske nettbankar ved bruk av programvare, såkalla trojanarar. Tap knytte til slike angrep har auka, men er framleis nokså små.

Norske setlar er lite utsette for forfalsking. Det kan likevel endre seg når andre land forsterkar tryggleikselementa i setlane sine. For å sikre at det òg i framtida vil vere vanskeleg å forfalske norske setlar, vedtok Noregs Banks hovudstyre i oktober 2012 å starte eit arbeid med å utvikle ein ny setelserie.

Tillit til eit betalingsinstrument er ikkje berre avhengig av direkte tapsrisiko, men òg av sikker og stabil drift. Mange bankar har utkontraktert drifta av IKT-verksemda, og fleire bankar bruker same driftsleverandør. Betalingsystema er sårbare for driftsproblem hos leverandøren, og ein svikt kan ramme mange kundar.

Identifiserings- og signeringstenesta BankID er utvikla for bankane, men kan no òg brukast ved innlogging på fleire offentlege portalar og netthandel i ikkje-finansielle føretak. Når bruken av BankID aukar, blir òg konsekvensane ved eventuell svindel og ustabilitet i løysinga større. BankID er viktig i det norske betalingssystemet, og bankane må halde oppe eit høgt tryggleiksnivå i løysinga.

I Europa har det lenge gått for seg eit prosjekt for å integrere nasjonale betalingssystem. Prosjektet blir kalla SEPA og inneheld krav til format for direkte debiteringar og girobetalingar. For å auke bruken av instrumenta er det sett tidsfristar for når SEPA-løysingane må brukast framfor nasjonale løysingar. For EØS-land utanfor euro-

området er denne fristen sett til 31. oktober 2016. Det vil seie at også norske bankar må nytte SEPA-format når dei sender eurobetalingar, både innanlands og utanlands, etter 31. oktober 2016. Bankane må då sørgje for at dei har system som kan handtere meldingsformata som krevst.

Robust finansiell infrastruktur

Den finansielle infrastrukturen består av ulike system for å registrere, avrekne eller gjere opp betalingar, handel med verdipapir og derivat eller andre finansielle transaksjonar. I overvakinga av den finansielle infrastrukturen legg Noregs Bank stor vekt på internasjonale tilrådingar. I april 2012 publiserte CPSS (Committee on Payment and Settlement Systems under Bank for International Settlements, BIS) og IOSCO (International Organization of Securities Commissions) nye prinsipp for overvaking av finansiell infrastruktur. Noregs Bank har bedt dei norske systema som blir påverka av dette, om å levere ei sjølv-evaluering basert på dei nye prinsippa i løpet av 2013.

Driftsstabiliteten i interbanksystema var generelt god i 2012. Dei viktigaste endringane i interbanksystema i 2012 var innføringa av eit nytt (fjerde) nettooppgjjer for massebetalingar og innføring av grenser for private oppgjersbankar si eksponering overfor bankar dei gjer opp for. Desse endringane betra effektiviteten i systemet og reduserte kreditttrisikoen til dei private oppgjersbankane. Endringane blei gjennomførte utan at driftsstabiliteten blei svekt.

I 2012 blei beredskapen for skifte av oppgjersbank styrkt gjennom testar og innhenting av fullmakter frå bankar til NICS Operatørkontor. Analysar i denne rapporten viser at dei aller fleste bankane som i dag deltek indirekte i nettooppgjjeret gjennom ein privat oppgjersbank, kunne ha oppfylt pliktene sine dersom dei i ein beredskaps-situasjon hadde måtta gjere opp direkte i Noregs Bank. Bankane som deltek direkte i nettooppgjera i Noregs Bank, har mykje tilgjengeleg likviditet i forhold til posisjonane sine. Dei vil derfor normalt ikkje ha problem med å oppfylle pliktene sine.

Avbrot hos ein bank kan medføre store kostnader for andre bankar i systemet. Dersom ein bank i systemet ikkje er i stand til å sende utgåande transaksjonar, får ikkje dei andre bankane transaksjonar som venta. Deltakarar i infrastrukturen arbeider med å gjere bankane bevisste på dette, mellom anna gjennom ei sertifiserings- og eigenmeldingsordning i regi av NICS Operatørkontor.

Oslo Clearing er sentral motpart for handel i aksjar og aksjederivat på Oslo Børs. Om lag halvparten av kundane til Oslo Clearing er frå EU-landa. EU vedtok 4. juli 2012 ei forordning om sentrale motpartar, transaksjonsregister og derivat. Forordninga er ikkje teken inn i EØS-avtalen fordi ho reiser problemstillingar knytt til Grunnlova. For at Oslo Clearing framleis skal kunne tilby tenester til bankar i EU, må selskapet få godkjenning frå European Securities and Markets Authority (ESMA) som tredjelands sentral motpart. Søknadsfristen er i dag sett til 15. september 2013. Før ESMA kan gi slik godkjenning, må det norske lovverket endrast, slik at det er i tråd med forordninga.

Fleire nye reguleringar for finansmarknadene og finansiell infrastruktur blir no utarbeidde i EU. Målsetjingane er mellom anna å skape meir effektiv konkurranse i finansmarknaden og gjere handlar og prisar meir gjennomsiktige. For norske aktørar vil arbeidet truleg føre til meir robuste marknader og lågare risikoar, samtidig som kostnadene truleg vil auke gjennom strengare krav til rapportering og bruk av sentrale motpartar.

1. Kunderetta betalingsformidling

Effektive betalningar er ein føresetnad for ein velfungerande økonomi. I tillegg til å dekkje behova til kundane bør betalningar kunne gjennomførast raskt, sikkert og til låge kostnader. Målt etter desse kriteria hevdar norsk betalingsformidling seg godt internasjonalt. Effektiviteten i det norske betalingssystemet har auka dei siste åra.

1.1 Bruk av betalingsinstrument

Det er i hovudsak to typar betalingsmiddel: kontantar og bankinnskot (kontopengar).¹ Desse er fordringar på høvesvis sentralbanken og bankar.

Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og girobetalningar er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan å bruke andre instrument og er derfor både eit betalingsmiddel og eit betalingsinstrument.

Kontantar

Noregs Bank har plikt til å utferde setlar og mynt og dermed sikre at samfunnet har tilgang på kontantar som

betalingsmiddel. Noregs Bank har ei grossistrolle, mens bankane har ei detaljistrolle i kontantforsyninga. I Noreg har bankar einerett på å få innskot frå kundar. Etter Noregs Bank sitt syn har dei derfor òg eit ansvar for å gjere desse innskota tilgjengelege for kundar – ikkje berre som kontopengar, men òg i form av kontantar dersom kundane ønskjer det.


Etterspurnaden etter kontantar er bestemd av brukarane. Val av betalingsinstrument bør skje på rett grunnlag – mellom anna må prisen stemme. For kontantar bør prisen derfor spegle kostnadene bankane og andre har ved å tilby kontantar til publikum.

Kontantar som del av verdien av betalingsmiddel som publikum disponerer (M1), held fram å falle og utgjorde snautt 6 prosent i 2012, sjå figur 1.1. Det er lågt i ein internasjonal samanheng, sjå figur 1.2. Den gjennomsnittlege verdien av kontantar i omløp utgjorde 51 milliardar kroner i 2012 og har endra seg lite dei siste åra.

Brukarar kan få tak i kontantar i bankar, minibankar og på mange handelsstader. Talet på minibankar per innbyggjar har gått noko ned sidan 2008. Talet på kontantuttak


¹ I tillegg finst det elektroniske pengar (e-pengar), sjå ramma på side 17.

Figur 1.1 Verdi av kontantar i omløp som del av betalingsmiddel (M1), konsumet i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. Prosent. 2001 – 2012



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Figur 1.2 Kontantar som del av betalingsmiddel (M1) i utvalde land. Prosent. 2011



Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS/CPSS og Sedlabanki Islands

frå minibank minka med 7 prosent frå 2011 til 2012. Det har blitt færre kontantuttak frå terminalar i butikkar òg – ein nedgang på 8 prosent frå 2011 til 2012. Talet på betalingsterminalar per innbyggjar held fram med å auke i 2012, sjå figur 1.3.

Talmaterialet ovanfor indikerer at kontantbruken har minka. Kontantar har likevel ei viktig rolle som betalingsmiddel, mellom anna ved å sikre enkel og effektiv betaling for kunden. Kontantar har òg vist seg å vere svært viktige i situasjonar der kontopengar ikkje er tilgjengelege. Då det blei varsla om bankstreik sommaren 2011, auka mengda kontantar i omløp med 1,7 milliardar kroner på ni dagar.²

Kortbetalingar

I 2012 blei det gjennomført 1,63 milliardar korttransaksjonar i Noreg, ein auke på åtte prosent frå 2011. Det svarer til 323 transaksjonar per innbyggjar. Veksten i omsetninga med kort var meir moderat, med ein auke på 6 prosent frå 2011. Den gjennomsnittlege verdien på varekjøp med kort var i 2012 på 455 kroner, ned frå 466 kroner i 2011. Kortbruken i Noreg er høg samanlikna med andre land, sjå figur 1.4.


Det har òg vore ein sterk auke i varekjøp med kort over Internett. I 2012 blei det handla på Internett med kort utferda i Noreg for 53 milliardar kroner, ein auke på 34 prosent frå 2011. Det var 75 millionar transaksjonar med norske kort over Internett, ein auke på 35 prosent frå 2011.

Det norske debetkortsystemet BankAxept har ein høg marknadsdel, sjå figur 1.5. Marknadsdelen har felle frå 80 til 71 prosent dei siste ti åra.


BankAxept er ei effektiv betalingsløysing for brukarstader, med låge kostnader per transaksjon (Gresvik og Haare, 2009). Samtidig har bankane låg inntening på BankAxept. Den låge innteninga fører til ei aukande interesse i bankane for å utferde internasjonale betalingskort, der bankane har større fortjeneste, men òg høgare kostnader ved bruk.

² Sjå Noregs Bank (2011a) for meir informasjon.

Figur 1.3 Betalingsterminalar på handelsstad, minibankar. Per tusen innbyggjarar. 2001 – 2012




Figur 1.4 Korttransaksjonar per innbyggjar, betalingar og kontantuttak. 2011



Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS/CPSS og Sedlabanki Islands

Figur 1.5 Bruk av betalingskort.¹⁾ Milliardar kroner. 2002 – 2012



¹⁾ Bruk av betalingskort utstedt i Noreg, både i Noreg og i utlandet.
Kjelder: Noregs Bank

Bankane som utferdar internasjonale betalingskort (utferdarbankane), får eit gebyr (formidlingsgebyr) frå banken til brukarstaden (innlørsarbanken) kvar gong eit internasjonalt betalingskort blir brukt. For å tene pengar på transaksjonen må innlørsarbanken krevje eit høgare gebyr frå brukarstaden enn gebyret han sjølv betaler. Brukarstadene betaler langt meir til bankane for kvar betaling med internasjonale betalingskort enn for kvar betaling med BankAxept.

Fram til 2009 var brukarstadene bundne av eit regelverk som hindra dei i å belaste kundane med heile eller delar av den kostnaden brukarstadene har ved bruk av internasjonale betalingskort. For å dekkje inn kostnadene ved slik kortbruk måtte brukarstadene då auke prisen på alle varene og tenestene. Etter ei lovendring i 2009 kan brukarstadene belaste kundane når dei bruker dyre kort, eventuelt gi rabatt når dei bruker rimelegare løysingar. Til no har få brukarstader gjort bruk av denne retten. Høgare prisar for bruk av dyre kort ville gitt brukarane eit meir korrekt signal om kostnadene ved ulike betalingsinstrument.


Rekningsbetalingar

I 2012 blei det utført nesten 430 millionar nettbankbetalingar, 14 prosent meir enn året før. Auken skriv seg delvis frå ein sterk vekst i mobilbankbruken. Nettbankbetalingane utgjer 84 prosent av alle kreditoverføringar. Daglegbankundersøkinga³ til Finans Norge fann at 82 prosent av befolkninga over 15 år nytta nettbank i 2013.

Talet på blankettgiroar frå bedrifter og privatpersonar gjekk ned med 15 prosent frå 2011 til 2012 og utgjer no 3,5 prosent av rekningsbetalingane.

Direkte debitering (stort sett AvtaleGiro) auka med 9 prosent frå året før, men står berre for 13 prosent av rekningsbetalingane. Både mottakaren og betalaren må ha avtale med banken sin for å gjennomføre ei direkte debitering. Ved utløpet av 2012 fanst det til saman nær 14,4 millionar avtalar om direkte debiteringar mellom

Figur 1.6 Betalingstenester retta mot personkundar for rekningsbetaling med vidare. Millionar transaksjonar. 2001 – 2012



kundar, bedrifter og bankar. Det var ein auke på 9 prosent frå 2011.

Daglegbankundersøkinga fann at 38 prosent betalte rekningsbetalingar via hovudbanken sin mobilbank eller mobilapplikasjon, ein oppgang frå 24 prosent i 2012.⁴

Fakturaer kan sendast ut på papir i vanleg post eller direkte til nettbanken som elektronisk faktura. Betalingskostnadene kan bli reduserte dersom fleire fakturaer blir skrivne ut elektronisk, sjå Noregs Bank (2011b). Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet bad i 2011 alle statlege verksemdar krevje elektronisk faktura og kreditnota frå leverandørane sine i avtalar gjorde etter 1. juli 2012.⁵ Regjeringa arbeider med eit lovmessig grunnlag for å kunne påleggje leverandørane å levere på elektronisk format. Krav om elektronisk faktura for leverandørar til offentleg sektor vil truleg bidra til auka bruk av elektronisk faktura òg mellom private aktørar.

3 Finans Norge og TNS Gallup (2013).

4 I 2013 var spørsmålet «Kva banktenester utfører du via mobilbanken/bank-appen til hovudbanken din?», mens det i 2012 blei spurt om «Kva banktenester utfører du via telefon utan å snakke med ein bankmedarbeidar?»

5 Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011).

1.2 Prisar i betalingsformidlinga

Prisar


Prisane er ulike for brukarar som er i eller utanfor kundeprogramma til bankane. Programma gir rabattar mot at kundane knyter seg til særskilde kontoar eller tenester. Ofte er programma utforma slik at kundane tener på å nytte fleire finansielle tilbod innanfor same konsern. Denne tilbodssamankoplinga kan gjere prisane mindre transparente. Det kan då bli vanskelegare for kundane å samanlikne prisar frå bank til bank, og mellom dei ulike tenestene hos ein bank. Tenesta *Finansportalen.no* tilbyr informasjon om vilkår i kundeprogram.

Den gjennomsnittlege årsavgifta for BankAxept-kort kombinert med det internasjonale kortet Visa var ved inngangen til 2013 om lag 219 kroner innanfor kundeprogram og 268 kroner utanfor. Det er ein auke på høvesvis 5 og 3 prosent frå året før. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept var ved inngangen til 2013 berre 2 øre for kundar i slike program og omtrent 1,50 kroner for kundar utanfor.

Prisane ved bruk av internasjonale betalingskort varierer. Prisen brukarstaden må betale til innløysarbanken, blir forhandla mellom dei to partane og vil derfor variere mellom ulike brukarstader. Ei arbeidsgruppe som Finansdepartementet har sett ned, fann at formidlingsgebyret til MasterCard varierte med mellom 1,05 og 1,45 prosent.⁶

Prisane for å betale rekningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Den store prisvariasjonen heng saman med kostnadsnivået for å produsere tenestene, sjå Gresvik og Haare (2009). Elektroniske tenester som nettbank, AvtaleGiro og elektronisk faktura kostar mykje mindre for bankane enn papirbaserte tenester som betaling av giro i skranke. Gjennom 2012 auka prisane på papirbaserte betalingstenester. Listepriane utanfor kundeprogram steig med 9 prosent for brevgiro til om lag 9 kroner ved inngangen til 2013. For kontante innbetalingar med giro over skranke har prisen halde seg stabil på om lag 80 kroner. Betalingar blir tilbodne gratis frå

Figur 1.7 Bankinntekter frå betalingsformidling (venstre akse) og netto rente- og provisjonsinntekter (høgre akse). Milliardar kroner. 2006 – 2012



Kjelde: Noregs Bank

nettbank for kundar i kundeprogram. Listepriene på nettbankbetalingar utanfor kundeprogram ligg på om lag 2 kroner.

Inntekter

I 2012 hadde bankane nesten 6,7 milliardar kroner i inntekter frå betalingsformidlinga. Det er ein auke på om lag 0,4 milliardar kroner sidan 2011, sjå figur 1.7. Inntektene frå betalingsformidlinga har følgd utviklinga i dei andre inntektene til bankane. Over halvparten av inntektene frå betalingsformidlinga er frå betalingskort.

1.3 Tryggleik

Kontantar

Forfalsking av kontantar er eit problem for sentralbankar i fleire land. I Noreg held talet på falske setlar seg lågt, sjå figur 1.8 og ramme side 13. I 2012 blei det registrert 171 falske setlar. Det er svært lågt og utgjør mindre enn to setlar per million setlar i omløp. Til samanlikning er det tilsvarande talet for euroland 36.⁷ Kvaliteten på dei forfalska norske setlane er jamt over svært dårleg, og det er lett å oppdage falske setlar i sirkulasjon.

6 Betalingskortprosjektgruppa (2012).

7 ESB (2013).

Sjølv om det er få falske setlar i omløp, kan det bli fleire når andre land forsterkar tryggleikselementa i setlane sine. Hovudstyret til Noregs Bank vedtok i oktober 2012 å starte eit prosjekt for å utvikle ein ny setleserie. Eit hovudmål er at norske setlar også i framtida vil vere vanskelege å forfalske. Publikum må ha tillit til at norske setlar er ekte for at dei skal fungere effektivt som betalingsmiddel. Den nye setleserien blir den åttande i rekkja etter at krona blei innført som pengeining i 1875.

Kort og nettbank⁸


Tapa ved kortbruk auka frå 125 millionar kroner i 2011 til 135 millionar kroner i 2012, sjå figur 1.9. Det utgjer om lag 0,02 prosent av totalomsetninga med norske betalingskort. Størstedelen av tapa stammar frå misbruk av falske kort utanfor Noreg, der kortinformasjonen er stolen ved til dømes skimming. Det er lite tap på slike falske kort brukte i Noreg, sidan norske terminalar og minibankar registrerer kort ved hjelp av chip. Chip er vanskelegare å forfalske enn magnetstripe. Sidan utgangen av 2011 har alle norske betalingskort hatt chip.

Tap ved svindel der kortinformasjonen blir brukt utan at kortet fysisk er der, utgjorde i 2012 36 millionar kroner.

Tapa ved bruk av nettbank har vore langt lågare enn ved kortbruk, men auka markert frå 4 millionar kroner i 2011 til 8,4 millionar kroner i 2012. Årsaka til auken er fleire «trojanar»-angrep frå utlandet.⁹ Dei potensielle tapa, målte gjennom angrep eller svindeltransaksjonar som har blitt hindra, er vesentleg høgare. Utviklinga er ikkje unik for Noreg, men kan òg sjåast i andre europeiske land.


BankID er ein personleg elektronisk legitimasjon for identifisering og signering på Internett. BankID har til no i hovudsak vore brukt ved pålogging og betaling i nettbank. I 2012 starta eit samarbeid mellom BankID og Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI). Frå november 2012 kunne BankID brukast ved innlogging på fleire offentlege portalar. BankID blir òg nytta av fleire ikkje-

Figur 1.8 Inndregne, falske setlar. 2001 – 2012



Kjelde: Noregs Bank

Figur 1.9 Tap ved bruk av betalingskort (venstre akse) og tap i prosent av kortomsetning (høgre akse). Millionar kroner og prosent. 2011 – 2012



Kjelder: Finanstilsynet og Noregs Bank

finansielle private føretak. Eit breitt bruksområde blir truleg opplevd som gunstig for brukarane. Men når bruken av BankID aukar, aukar òg risikoen for at brukarane feilaktig oppgir kodar til nokon som urettmessig gir seg ut for å vere ein BankID-brukarstad.

BankID for PC er basert på programvara Java. Då den nye versjonen av Java blei lansert i slutten av 2012, blei det introdusert ein feil som gjorde Java sårbar for hacking. BankID Norge arbeider med å utgreie alternative løysingar, og i april 2013 offentliggjorde dei planar om å utvikle

⁸ Avsnittet byggjer i stor grad på Finanstilsynet (2013).

⁹ Ein trojanar er ei programvare som har trengt seg inn på personlege datamaskiner. Trojanarar blir brukte av kriminelle for å få tilgang til identiteten og passordet til maskineigaren.

ein ny versjon av BankID, «BankID 2.0». Den nye versjonen vil ikkje vere basert på Java og skal kunne nyttast på ulike typar einingar.

Konsentrasjonsrisiko

Mange bankar har utkontraktert drifta av systema sine til eksterne leverandørar, sjå mellom anna Noregs Bank (2011b). Enkelte av desse leverandørane leverer tenester til fleire bankar. Ein feil hos éin slik felles leverandør kan ramme fleire bankar. Eit døme på dette var den såkalla påskehendinga i 2011, sjå Noregs Bank (2012).

Bankane rapporterer inn hendingar til Finanstilsynet. Finanstilsynet har analysert hendingane og vekta dei med ein konsekvens berekna ut frå kor breitt og lenge hendinga ramma, sjå figur 1.10. Figuren viser ikkje kor store tap som oppstod under hendingane, men kan likevel gi eit inntrykk av konsekvensane av utilgjengelege banktenester. Banktenestene har vore meir tilgjengelege i 2012 enn i 2011.

1.4 Betalingar i euroområdet


SEPA (*Single Euro Payments Area*) er eit europeisk samarbeid for felles betalingsløysingar. Formålet er å skape ei felles europeisk plattform for betalingssystem i staden for nasjonale system med ulike format og prisar. Grunnlaget for SEPA blei lagt gjennom ei EU-forordning i 2001

og fastset at eurooverføringar mellom land innanfor EØS-området skal ha same prisen som ei tilsvarande innlandsk overføring. Forordninga regulerer prisen på betalingar i euro. Forordninga er innført i Noreg og vil gjelde for eurobetalingar i og ut av Noreg, men er ikkje gitt relevans for norske kroner.

I tillegg inneber SEPA at alle direkte debiteringar og kreditoverføringar (girobetalingar) skal vere på same format, uavhengig av tidlegare nasjonale format. Det blir mellom anna stilt krav til kva standard for bankkontonummer som skal nyttast (International Bank Account Number, IBAN), og kva meldingsformat som skal nyttast (ISO 20022 XML).


Trass i formell tilslutnad til SEPA i EU har det vist seg å vere vanskeleg å få kundane til å gå bort frå nasjonale løysingar. SEPA-løysingane har derfor slite med å oppnå store volum. Bruken av SEPA-løysinga for direkte debiteringar har vore minimal og låg på rundt 2 prosent ved slutten av 2012, sjå figur 1.11. For girobetalingar blei SEPA-formatet nytta i rundt 30 prosent av tilfella i slutten av 2012, mot rundt 10 prosent ved slutten av 2010, sjå figur 1.12. Det er likevel store nasjonale variasjonar, og i enkelte land, som Finland og Slovenia, blir SEPA-løysinga nesten alltid nytta, sjå figur 1.13.

Figur 1.10 Ikkje tilgang til banktenester. Rapporterte hendingar vekta med konsekvens¹⁾. 2010 – 2012




1) Konsekvensane er estimerte ut frå talet på berørte brukarar, kor lang tid hendinga varte, og kor mange tenester som blei ramma.
Kilde: Finanstilsynet

Figur 1.11 Tilslutning til SEPA-løysinga for direkte debiteringar. November 2009 – desember 2012




Kilde: ESB

Figur 1.12 Tilslutning til SEPA-løysinga for girobetalingar. Februar 2008 – desember 2012



Kjelde: ESB

Figur 1.13 Tilslutning til SEPA-løysinga for girobetalingar fordelt på land. Prosent. 3. kvartal 2012



Kjelde: ESB

For å auke bruken av SEPA-løysingane er det sett tidsfristar for endeleg innføring av SEPA-løysingane for direkte debiteringar og girobetalingar. Tidsfristen er sett til 1. februar 2014 for euroområdet og 31. oktober 2016 for land utanfor euroområdet. Det vil seie at norske bankar etter dette må nytte SEPA-format når dei sender eurobetalingar, både innanlands og utanlands. Bankane må leggje til rette for å ha system som kan handtere meldings-

formata det er krav om. Bankane må sjølve vurdere om SEPA-formatet bør bli marknadsstandard, og om dei òg skal brukast for betalingar i norske kroner.

SEPA krev dessutan at betalingskort skal ha EMV-funksjonalitet (chip) og PIN-kode, som alt er standard i Noreg. EMV-kort blir no nytta ved over 80 prosent av alle korttransaksjonar i EU.

Effektiviteten i betalingssystemet i ulike land

Eit effektivt betalingssystem har låge kostnader og er raskt og sikkert. I denne ramma samanliknar vi effektiviteten i betalingssystema i Noreg, Sverige, Danmark, Storbritannia, Australia og EU-området¹. Desse landa har godt utbygde betalingssystem. Statistikkgrunnlaget varierer mellom landa, men det gir likevel nokre haldepunkt for å vurdere den relative effektiviteten. Samla sett er betalingssystemet i Noreg effektivt samanlikna med landa i utvalet. Det gjeld spesielt kostnadseffektiviteten til betalingssystemet.

Kostnader og kostnadseffektivitet

Kostnadseffektivitet kan målast ved samfunnsøkonomiske kostnader ved betalingsformidling som del av brutto nasjonalprodukt (BNP). Kost-

nadseffektiviteten i det norske betalingssystemet er god samanlikna med andre land. Noregs Bank si kostnadsundersøking frå 2007 viser at kostnadene ved betalingsformidlinga var om lag 0,5 prosent av BNP.² Det er lågt samanlikna med Sverige, Danmark, og EU-området, sjå figur 1. Ei viktig årsak er høg bruk av kort og tilsvarande låg kontantbruk, sjå figur 2.

Hastigheit

Hastigheit kan målast som tidsbruken frå ei betaling er initiert, til beløpet er godskrive på mottakar-kontoen. Det norske kortsystemet BankAxept har kreditering av kundane før oppgjeret mellom bankane. Beløpet blir reservert på kontoen til kunden idet betalingsautomaten autoriserer betalinga. For debetkort


er derfor tidsbruken frå betalinga er initiert til transaksjonen er autorisert det mest relevante målet på hastigheita på betalinga. Tidsbruken i Noreg er 17 sekund, sjå figur 3. Det er klart raskare enn i EU, men noko tregare enn i Storbritannia.

For girobetalingar (nettbankbetaling) vil betalingsmottakaren først få betalingar etter at banken til betalaren har gjort opp overfor banken til betalingsmottakaren. Noreg har fire daglege masseavrekningar med tilhøyrande oppgjer mellom bankane. Det er relativt hyppig i internasjonal samanheng. Blant landa i utvalet er det berre Sverige som har like mange oppgjer. Sverige har i tillegg ei løysing for «straksbetalingar», altså betalingar som kan sendast frå person til person på svært kort tid. Ei liknande løysing er under utvikling i dei norske bankane, sjå mellom anna side 24.

1) Talmaterialet gjeld ulike delar av EU-området sidan det ikkje finst nokon fullstendig statistikk som dekkjer heile området.


2) Noregs Bank gjennomfører i 2013 ei ny undersøking av kostnadene ved betalingsformidling i Noreg. Resultata vil bli publiserte i 2014.

Figur 1 Kostnader i prosent av BNP¹⁾ og korttransaksjonar per innbyggjar. 2011




1) Samfunnsøkonomiske kostnader ved betalingsformidling som del av brutto nasjonalprodukt (BNP).
2) Kostnader i prosent av BNP er frå 2007.

Figur 2 Prosentdel kontantbruk¹⁾ og korttransaksjonar per innbyggjar. 2011




1) Prosentdel transaksjonar gjorde på handelstid med kontantar.

Figur 3 Tidsbruk ved bruk av debetkort¹⁾ og korttransaksjonar per innbyggjar. 2011



1) Tidsbruk frå initering til autorisering av betaling, målt i sekund.

Figur 4 Forfalska setlar per million setlar i omlop og tap på kort per innbyggjar¹⁾. 2011



1) Målt i norske kroner.

Tryggleik

Etter Danmark er Noreg det landet i utvalet som har lågast tap på kort per innbyggjar, sjå figur 4. Noreg kjem òg relativt godt ut når det gjeld prosentdel falske setlar, sjølv om Danmark og Sverige har litt lågare prosentdel.

Utvikling i Noreg over tid

Det norske betalingsystemet har blitt meir effektivt over tid. Tabell 2

viser nokre enkle mål. Særleg har betalingsformidlinga blitt raskare gjennom fleire daglege nettoopp-gjer. Farten på betalingsformidlinga vil dessutan bli høgare når bankane tilbyr straksbetalingar. Avvika i NICS³ målt etter feilpoeng har minka mykje. Faktiske tap i betalingsformidlinga er låge. Det har blitt mindre tap på betalingskort, mellom

anna fordi det har blitt innført chip på alle norske betalingskort. Finanstilsynet melder likevel om fleire angrep mot norske nettbankar, sjå Finanstilsynet (2013) og side 10.

³ Norwegian Interbank Clearing System, sjå meir side 23.

Tabell 1: Internasjonal samanlikning av effektivitet i betalingssystemet, 2011-tal

	NO	EU ¹	DK	UK	SE	AUS
TRYGGLEIK						
Tap på nettbank per innbyggjar(NOK)	0,82	-	0,04	4,83	-	-
Tal på falske setlar per million innbyggjarar	122	1825	73	6051	59	781
Tal på forfalska setlar per million setlar i omløp	5	42	3	133	2	162
Tap på kort per innbyggjar (NOK)	26	29	16	48	-	73
KOSTNADER/ØKONOMI						
Kostnader i prosent av BNP	0,49 (2007)	0,96	1,00	Ikkje berekna	0,68	Ikkje berekna
Prosentdel transaksjonar på handelsstad gjorde med kontantar	25 ² (2007)	83	44	58	40	62 (2010)
HASTIGHEIT						
Masseoppgjer per dag	4	varierer	1	1 Oppgjeret i BACS tar tre dagar	4	1 ulik behandlingstid
System for straksbetalingar	Nei (frå 2013)	Finnes i nokre land	Nei	Ja	Ja	Nei (frå 2016)
Tidsbruk i sekund ved betaling med						
• kontantar	16	22				
• debetkort	17	29		14		
• kredittkort	57	31		15		

1 Talmaterialet gjeld ulike deler av EU-området sidan det ikkje finst nokon fullstendig statistikk som dekkjer heile området.

2 Prosentdelen blei berekna ved ei spørjeundersøking i samband med Noregs Bank si undersøking av kostnadene i betalingsformidlinga i 2007, sjå Gresvik og Haare (2009). Andre berekningar gir andre resultat, ein bør derfor bruke tala med varsemd.

Tabell 2: Utviklingstrekk i det norske betalingssystemet, 2007–2012

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
TRYGGLEIK						
Tap på kort (millionar kroner)	181 FNO	200 FNO	215 FNO	200 FNO	126 FT og FNO	135 FT og FNO
Tap på nettbank (millionar kroner)				2,4	3,99	8,4
Forfalska setlar per million setlar i sirkulasjon	3,5	4,3	4,0	4,7	4,9	1,3
Korttap i kroner per millionar kroner omsett ¹	457	449	462	400	231	227
KOSTNADSEFFEKTIVITET						
Samfunnsøkonomiske kostnader i prosent av BNP	0,49	-	-	-	-	Vil bli berekna for 2013
Prosentdel elektroniske betalingstenester, målt i transaksjonar	96,4	97,2	97,7	98,3	98,7	98,9
Prosentdel papirbaserte betalingstenester, målt i transaksjonar	3,6	2,8	2,3	1,7	1,3	1,1
HASTIGHEIT						
Antall masseoppgjør pr døgn	2	2	2	3 (frå 24.9.10)	3	4 (frå 12.10.2012)
Avbruddssituasjoner i NICS målt i feilpoeng	60	23	38	31	21	9

¹ Tap på betalingskort per million kroner varekjøp med norske kort i Noreg og i utlandet.

Kjelder: Australian Payments Clearing Association (APCA), Bank of England, Bank for International Settlements (BIS), Bankgirot, Danmarks Nationalbank, Danmarks Statistik, Den europeiske sentralbanken (ESB), Eurostat, Financial Fraud Action UK, Finans Norge, Finansrådet, Finextra, Reserve Bank of Australia, Sveriges Riksbank, UK Payments Council og Noregs Bank

Nye betalingsaktører

Norske kundar kan utføre betalningar på stadig fleire måtar, til dømes med «vanlege» betalingskort, kontakt-lause betalingskort og mobiltelefonar. Det er ulike aktørar som tilbyr betalingstenester, mellom anna bankar, betalingsføretak og teleselskap. Mange av dei har komme til dei siste åra, mellom anna på bakgrunn av det europeiske betalingstenestedirektivet frå 2007. Direktivet hadde som mål å skape eit heilskapleg rettsleg rammeverk for betalingstenester i EØS-området og fjerne unødige hinder for deltaking. Konkurransen er likevel avgrensa av at institusjonane har ulike andre rammeverk å rette seg etter.

I denne ramma blir det drøfta kva typar aktørar som kan tilby betalingstenester i Noreg, kva tenester dei kan tilby, og korleis reguleringa kan påverke konkurransen. Aktørar som ikkje er dekte av norsk lov, til dømes utferdarar av virtuelle valutaer, er ikkje omtalte i ramma.

Ulike tilbydarar av betalingsstenester

Den som tilbyr betalingstenester, vil ofte få tilgang til sensitiv informasjon – alt frå kontodetaljar til informasjon om den finansielle situasjonen til kunden eller persondata. Samtidig kan store pengesummar vere involverte. Derfor kan ikkje

kven som helst tilby betalingstenester, og retten til å tilby det er regulert i *lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsverksemdslova)*. Ifølgje finansieringsverksemdslova § 4-1 kan desse yte betalingstenester:

- Kredittinstitusjonar
- Betalingsføretak
- E-pengeføretak
- Postgirokontor¹
- Noregs Bank
- Den norske stat og norske kommunar og fylkeskommunar når dei ikkje handlar i eigenskap av å vere offentlig myndigheit

¹ Det finst ingen postgirokontor i Noreg i dag.

Tabell 1: Ulike tilbydarar av betalingstenester

Type institusjon	Enkelte særtrekk ¹	Sentrale lover og forskrifter
Kredittinstitusjonar (bankar og kredittføretak ²)	Innskot frå kundar inngår i balansen	Lov om sparebanker Lov om forretningsbanker Lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner
Betalingsføretak	Kan ikkje ta imot innskot eller andre tilbakebetalingspliktige midlar ³ Kundemidlar må oppbevarast på separat konto («klientkonto») Kan ikkje utferde e-pengar	Lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner Forskrift om betalingsføretak
E-pengeføretak	Kan ikkje ta imot innskot eller andre tilbakebetalingspliktige midlar ⁴ Kundemidlar må oppbevarast på separat konto («klientkonto»)	Lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner 4 c Forskrift om e-pengeføretak
Teleselskap	Kan berre tilby tradisjonelle CPA-løysingar ⁵ utan konsesjon	Finansavtalelova § 11 (2) m) ⁶

¹ Lista gir ikkje noka fullstendig oversikt over særtrekk i verksemda til dei ulike institusjonane. Til dømes kan betalingsføretak og e-pengeføretak heller ikkje drive finansieringsverksemd anna enn i avgrensa utstrekning i tilknytning til gjennomføring av betalingstransaksjonar.

² Kredittføretak kan ikkje ta imot innskot, berre andre tilbakebetalingspliktige midlar.

³ Forskrift om betalingsføretak §3 (1).

⁴ Lov om finansieringsverksemd og finansinstitusjonar § 4c-2..

⁵ CPA står for «content provider access» og blir brukt om innhaldstenester som kan kjøpast til mobiltelefon.

⁶ Svarer til artikkel 3 l) i betalingstenestedirektivet.

I tillegg kan teleoperatørar gjennomføre betalingar for eit avgrensa utval varer eller tenester. Dei ulike institusjonstypene er underlagde ulike lover og forskrifter, sjå tabell 1.

Beskriving av aktørane – selskapsform og tilbydde tenester

Bankar

I Noreg er kredittinstitusjonane i hovudsak bankar. Bankar kan både ta imot innskot frå allmenta og yte finansiering. Tradisjonelt har bankane vore hovudtilbydarar av betalingstenester. For å drive bankverksemd i Noreg må ein ha konsesjon som forretningsbank eller sparebank.

Betalingsføretak

Betalingstenestedirektivet opna for ein ny aktørtype, betalingsføretak. Finansieringsverksemdslova kapittel 4b og betalingsføretaksforskrifta tok til å gjelde 1. juli 2010 og gir betalingsføretak rett til å yte betalingstenester etter vilkår som Finansdepartementet har fastsett. Forskrifta legg òg enkelte avgrensingar på verksemda til betalingsføretak. Mellom anna har ikkje betalingsføretak lov til å rekne midlar som er mottekne frå betalingstenestebukarar som innskot, og desse midlane er ikkje dekte av innskotsgarantien. Mottekne midlar skal haldast åtskilte frå midlane til føretaket sjølv, og skal setjast på ein klientkonto dersom dei ikkje er overførte til betalingsmottakaren neste arbeidsdag.

For å drive eit betalingsføretak i Noreg må ein søkje Finanstilsynet om konsesjon. Det finst to typar konsesjon: betalingsføretak med full konsesjon eller for betalingsføretak med avgrensa konsesjon. Den sistnemnde konsesjonen krev lågare startkapital og ansvarleg kapital, men legg òg enkelte avgrensingar på verksemda til betalingsføretaket. Til dømes kan betalingsføretak med avgrensa løyve berre drive med pengeoverføringar, og det er eit tak på kor store overføringar som kan gjerast kvar månad. I tillegg kan ikkje betalingsføretak med avgrensa løyve yte tenester i eller opprette filial i andre EØS-statar. Betalingsføretak med fullt løyve kan utføre alle dei fem betalingstenestene som er definerte i finansavtalelova § 11.

I mars 2013 var det registrert 22 betalingsføretak i Noreg. 20 av desse driv i hovudsak med overføring av pengar til andre land, og av desse har 19 avgrensa konsesjon. Dei to siste betalingsføretaka er Teller AS og mCASH Norge AS. Teller AS er kortinnløyssar, det vil seie at dei tilbyr betalingsløyssing for Visa, MasterCard og American Express, mens mCASH er ei løyssing for mobilbetalingar.

E-pengeføretak

E-pengeføretak har tilgang til å utferde elektroniske pengar. Elektroniske pengar er definerte slik i finansieringsverksemdslova § 4c-1:

Med elektroniske pengar menes en elektronisk lagret pengeverdi, repre-

sentert ved en fordring på utstederen, som er utstedt etter mottak av midler for å utføre betalingstransaksjoner, og som er anerkjent som betalingsmiddel av andre foretak enn utstederen.

E-pengar er midlar som er overførte frå ein brukar til eit e-pengeføretak og deretter konverterte til e-pengar. E-pengeføretak er underlagde finansieringsverksemdslova § 4c og forskrift om e-pengeføretak. Også bankar og andre kredittinstitusjonar, postgirokontor og Noregs Bank har tilgang til å utferde e-pengar.

E-pengar blir rekna som elektronisk lagra kontantar, ikkje som innskot. E-pengar er derfor ikkje dekte av innskotsgarantien. Akkurat som betalingsføretak har e-pengeføretak plikt til å halde kundemidlane separerte frå sine egne midlar. E-pengeføretaka er underlagde høgare krav til startkapital og ansvarleg kapital enn betalingsføretaka.

I februar 2013 var det registrert to e-pengeføretak i Noreg: SmartCash AS og Buypass Originator AS. Telenor eig SmartCash, mens Buypass Originator er eigd av morselskapet Buypass, som igjen er eigd av Evry og Norsk Tipping.

Teleselskap

Dei siste åra har fleire teleselskap utvikla nye betalingsløyssingar. Teleselskap er unnatekne frå betalingsstenestedirektivet og e-pengedirektivet så lenge verksemda deira er avgrensa til betalingar for tradisjo-

nelle CPA-løysingar. CPA-løysingar er varer eller tenester som skal leverast til og brukast ved hjelp av telekommunikasjons-, digital- eller IT-utstyr, og der teleoperatøren ikkje berre opptre som eit mellomledd. Ein mobiloperatør kan dermed tilby avgrensa betalingsløysingar for varer eller tenester som skal nyttast på mobiltelefonen utan å ha konsesjon som betalingsføretak eller e-pengeføretak. Døme på slike varer eller tenester er ringetonar og nummeropplysningstenester.

Eit teleselskap kan derimot ikkje tilby betalingsløysingar for fysiske varer eller tenester, som kjøp av varer frå automat, utan å søkje konsesjon som betalingsføretak eller e-pengeføretak. Teleselskap kan heller ikkje tilby betalingsløysingar for kjøp av film og bøker som blir leverte til mobiltelefonane, ettersom teleselskapa då berre vil vere eit mellomledd mellom kunden og leverandøren av vara.

Konkurransesyn – tilgang til betalingssystem

Eit mål med betalingstenestedirektivet var å leggje til rette for meir konkurranse. Direktivet krev at alle betalingstenestetilbydarar skal ha tilgang til betalingssystema på like vilkår. Det er mellom anna teke inn i betalingssystemlova § 5-2, som seier at vilkåra for å delta i betalingssystem skal vere objektive, ikkje-diskriminerande og rimelege.

System som er notifiserte etter finalitetsdirektivet, kan likevel bli unna-

tekne frå betalingssystemlova § 5-2. Deltaking i slike system må godtakast av systemeigarane. I Noreg er mottaks- og avrekningssentralen Norwegian Interbank Clearing System (NICS) notifisert etter finalitetsdirektivet. Det er også det nasjonale debetkortet BankAxept gjennom notifiseringa av NICS. Andre aktørar enn bankar har dermed ikkje tilgang til desse systema med mindre systemeigarane opnar for det.

Det er samtidig viktig å halde risikoen i systema låg. Målet om like konkurransevilkår må vegast opp mot risikoomsyn. Dersom nye aktørar skulle delta i systema, kan dei søkje om å delta gjennom ein privat oppgjersbank. Aktørane vil då vere avhengige av kredittlinjer frå oppgjersbanken.

Nytt betalingstenestedirektiv

Betalingstenestedirektivet skal no reviderast. Eitt av punkta som EU-kommisjonen har bedt om synsmåtar på, er å slå saman betalingstenestedirektivet med e-pengedirektivet.² Det er likevel vanskeleg å gjennomføre ettersom e-pengedirektivet ikkje er gjennomført i alle land. Ein reknar derfor med at kommisjonen i første omgang vil prioritere ei oppdatering av betalingstenestedirektivet.

EU-kommisjonen vurderer òg å fjerne enkelte unntak, inkludert unntaket for teleselskap. Det må ein sjå på bakgrunn av at det har skjedd

store endringar i utvalet av betalingsløysingar sidan betalingstenestedirektivet blei oppdatert i 2007.

Eit tredje område EU-kommisjonen har bedt om synspunkt på, er tilgangen til betalingssystema. Som beskrive ovanfor kan unntaket frå fri tilgang til notifiserte system føre til ulike konkurransevilkår. Ein utvida tilgang til notifiserte system ville likevel medføre ei rekkje rettslege og praktiske problemstillingar, mellom anna endringar i finalitetsdirektivet.

² EU-kommisjonen (2012)

2. Interbanksystem og oppgjør av valuta- og verdipapirhandel

Svikt i betalingssystemet kan få omfattende konsekvensar. I løpet av ein dag er det mange transaksjonar som må gjerast opp mellom bankar, og den samla verdien av transaksjonane er høg. Eit velfungerande betalingssystem gjer det mogleg å gjennomføre pengeoverføringar på ein sikker måte og til avtalt tid. Det er ein føresetnad for at publikum skal ha tillit til kontopengar.

Alle overføringane mellom bankar skjer i interbanksystem, som er system for å avrekne transaksjonar og/eller overføre pengar mellom bankar. Interbanksystema er kjernen i den finansielle infrastrukturen.

Det er viktig for den finansielle stabiliteten at interbanksystema til ein kvar tid fungerer som dei skal. Tapa som oppstår ved svikt i eit interbanksystem, kan bli større for samfunnet enn for deltakarane i systemet. Bli systemet utforma og drive berre ut frå interessene til systemeigarane, kan det derfor bli lagt for lita vekt på å utarbeide trygge løysingar. Noregs Bank har etter betalingssystemlova og sentralbanklova ansvar for å føre tilsyn med viktige interbanksystem og overvake betalingssystemet.

Stabiliteten i eit interbanksystem er ekstra krevjande å halde oppe når systemet blir endra. I dei norske interbanksystema blei det gjennomført fleire endringar i 2012. Det blei mellom anna innført eit fjerde nettooppgjør og grenser for private oppgjørskontor eksponering overfor bankar dei gjer opp for. Desse endringane betra effektiviteten og reduserte kredittrisikoen i systemet, og dei blei gjennomførte utan at stabiliteten svekte seg.

Noregs Bank vurderer det slik at norske system for avrekning og oppgjør held eit høgt internasjonalt nivå. Internasjonale samarbeidsorgan for sentralbankar og tilsynsmyndigheiter har komme med nye internasjonale prinsipp for utforming og drift av finansiell infrastruktur.¹⁰ Noregs Bank har stilt krav om at dei norske systema i løpet av 2013 skal levere sjøvevalueringar av systema sine baserte på dei nye prinsippa.¹¹ Noregs Bank vil gjere si eiga vurdering av systema basert på dei nye prinsippa våren 2014.

¹⁰ Sjå CPSS-IOSCO (2012b) for metodeverk.

¹¹ Sjå CPSS-IOSCO (2012a) og Bakke, Husevåg og Igland (2013).

Norsk finansiell infrastruktur

Eit interbanksystem er basert på felles reglar for avrekning, oppgjør eller overføring av pengar mellom kreditt-institusjonar. Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken i Noreg, sjå figur 1. Noregs Banks oppgjerssystem (NBO) tek imot og gjer opp avrekningar frå Norwegian Interbank Clearing System (NICS) og Verdipapirsentralen (VPS), betalingar frå norske bankar og betalingar til og frå Continuous Linked Settlement (CLS).

Frå NICS kjem det betalingar til brutto- og nettooppgjør i Noregs Bank. Dei små betalingane, til dømes kort- og girobetalingar, blir avrekna mot kvarandre, slik at kvar bank får éin samla gjelds- eller fordringsposisjon mot dei andre deltakarbankane. Avrekningane blir utførte av NICS. Posisjonane som NICS har rekna ut, blir sende til opp-

gjør i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO). I NBO blir pengar overførte mellom kontoane til bankane, slik at posisjonane blir gjorde opp. Dette blir kalla nettooppgjør. Transaksjonar som ikkje inngår i ei avrekning, blir gjorde opp éin og éin. Slike transaksjonar kallar vi bruttotransaksjonar.


Dei fleste store bankane og dei to private oppgjersbankane er direkte med i nettooppgjera i NBO (nivå 1). For dei bankane (nivå 2) som har oppgjør gjennom ein privat oppgjersbank, tek oppgjersbanken over posisjonane og gjer opp for dei i NBO. Bankar som bruker ein privat oppgjersbank i nettooppgjoret, kan òg velje å sende bruttotransaksjonar direkte til oppgjør i NBO. For bankar med oppgjør på nivå 1 blir transaksjonar på over 25 millionar kroner automatisk sende som brutto-

transaksjonar direkte til oppgjør i NBO. Betalingar under 25 millionar kroner kan òg sendast som bruttotransaksjonar, men då må dei vere særskilt merkte.

Bankane kan dekkje gjeldsposisjonane sine i oppgjoret ved å trekke på innskot eller ta opp dagslån (D-lån) mot pant i Noregs Bank. Bankane som deltek gjennom ein privat oppgjersbank, kan trekkje på kreditt-rammer dei har i oppgjersbanken.

Valutahandlar der norske kroner er involverte, blir for ein stor del gjorde opp i oppgjersbanken CLS, sjå side 30. På bankane sin konto i CLS blir kvar enkelt valutahandel gjord opp brutto. Betalingar til og frå CLS i norske kroner blir gjorde direkte i NBO. Oppgjersdeltakaren kan betale inn beløpet sjølv eller nytte korrespondentbank for å gjere betalinga.

Figur 1 Interbanksystema i Noreg¹



1) Figuren gir ikkje eit fullstendig bilete. I figuren er forkortinga CCP (central counterparty) nytta for den sentrale motparten.

Kjelde: Noregs Bank

I verdipapiroppgjoret blir betalingar for handlar med aksjar, eigenkapitalbevis, sertifikat og obligasjonar gjorde opp. Oppgjoret av handel med aksjar og eigenkapitalbevis tek til med at desse handlane blir melde til Oslo Clearing, som i dag er den einaste sentrale motparten for handel med eigenkapitalinstrument ved Oslo Børs. Oslo Clearing sender dei avrekna penge- og verdipapirposisjonane sine inn til VPS. Handlar med obligasjonar og sertifikat blir sende til VPS rett frå verdipapirføretaka. VPS reknar så ut ein verdipapirposisjon og ein pengeposisjon

(det vil seie kva dei enkelte deltakarane skuldar eller har til gode av verdipapir og pengar). Deretter blir verdipapira gjorde opp i VPS, mens dei tilhøyrande pengeposisjonane blir sende til oppgjer i NBO. Dei to systema er innretta slik at verdipapir berre blir leverte mot betaling, og omvendt, såkalla «Delivery versus Payment».

Ein aktør kan delta i VPO direkte eller indirekte på verdipapirsida av oppgjeret. Indirekte deltaking inneber at posisjonen til ein aktør (indirekte deltakar) blir rekna saman med posisjonane til ein annan aktør (direkte deltakar). Dei direkte deltakarane må gjere opp pengesida av desse posisjonane i NBO. Dersom

dei har konto i Noregs Bank, kan dei sjølve stå for oppgjeret. Har dei ikkje slik konto, må dei gjennomføre pengeoppgjeret gjennom ein bank som har konto. Slike bankar blir kalla likviditetsbankar.

Pengeposisjonane til bankane frå handel med derivat gjennom sentrale motpartar blir gjorde opp i NBO eller ein privat oppgjersbank. Den sentrale motparten avrekner pengeposisjonane til deltakarane og sender resultatet til Noregs Bank eller den private oppgjersbanken.

Det er tre ulike sentrale motpartar for handel med derivat i Noreg: Oslo Clearing ASA, Nasdaq OMX Oslo NUF (kraftderivat o.a.) og NOS

Clearing ASA (frakt- og sjømatderivat o.a.). Oslo Clearing tilbyr clearingtenester i tre produktsegment: aksjar, aksjederivat og låneprodukt. Medlemmer på Oslo Børs kan delta i Oslo Clearing på vegner av seg sjølve (Direct Clearing Members) eller på vegner av seg sjølve og andre børsmedlemmer (General Clearing Members). Børsmedlemmer som deltek indirekte via ein General Clearing Member, blir kalla Non Clearing Members. Pengeposisjonane frå Oslo Clearing blir gjorde opp i NBO, mens posisjonane frå dei to andre sentrale motpartane blir gjorde opp i private bankar.

Tabell 1: Finansiell infrastruktur som er underlagd tilsyn eller overvaking

System	Finansielt instrument	Operatør	Tilsyn/overvaking	Forvaltingsorgan
Verdipapiroppgjeret (VPO)	Verdipapir	Verdipapirsentralen AS (VPS)	Tilsyn og overvaking	Tilsyn med VPS: Finanstilsynet Overvaking av VPO: Noregs Bank
Oslo Clearing oppgjerssystem (OCO)	Derivat/aksjar	Oslo Clearing ASA (OC)	Tilsyn og overvaking	Tilsyn med OC: Finanstilsynet Overvaking av OCO: Noregs Bank
Continuous Linked Settlement (CLS)	Valutahandlar	CLS Bank	Tilsyn og overvaking	Tilsyn med CLS: Federal Reserve Overvaking av CLS: Sentralbankar med valuta i CLS, mellom anna Noregs Bank
Norwegian Interbank Clearing System (NICS)	Betalingar	NICS Operatørkontor	Tilsyn	Noregs Bank
DNB Bank ASA oppgjerssystem	Betalingar	DNB Bank ASA	Tilsyn	Noregs Bank
Noregs Banks oppgjerssystem (NBO)	Betalingar	Noregs Bank	Overvaking	Noregs Bank
SpareBank 1 SMN oppgjerssystem	Betalingar	SpareBank 1 SMN	Overvaking	Noregs Bank

2.1 Interbanksystem

2.1.1 Norwegian Interbank Clearing System (NICS)

NICS er bankane sitt felles system for mottak og avrekning av betalingstransaksjonar. Nesten alle betalingstransaksjonar i Noreg blir sende til NICS for avrekning før dei blir vidareformidla til oppgjer i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO).

Den gjennomsnittlege daglege omsetninga i NICS var på nesten 250 milliardar kroner i 2012. Det er ein auke på over 13 prosent frå 2011, sjå figur 2.1. Ved utgangen av 2012 deltok 132 bankar i dei daglege avrekningane i NICS. NICS utfører avrekning for bankar som har oppgjer på ulike nivå:


- 22 bankar som har oppgjer direkte i Noregs Bank, såkalla nivå 1-bankar
- 110 bankar som har oppgjer gjennom ein bank på nivå 1 (privat oppgjerbank), såkalla nivå 2-bankar

Betalingstransaksjonane som blir sende til NICS, kan gjerast opp enkeltvis (NICS Brutto) eller inngå i ei avrekning der mange transaksjonar blir gjorde opp samtidig (NICS Netto). I NICS Brutto deltek bankar på nivå 1, og transaksjonane blir vidareformidla fortløpande til NBO for oppgjer i realtid. Transaksjonane som inngår i NICS Netto, blir først avrekna multilateralt, deretter inngår nivå 2-bankane sine posisjonar i posisjonen til nivå 1-banken dei nyttar som oppgjerbank. Avrekningane frå NICS blir sende til oppgjer i NBO fire gonger om dagen:

- Morgonavrekning om lag klokka 05.30
- Formiddagsavrekning om lag klokka 11.00 (ny avrekning frå 12. oktober 2012)
- Etmiddagsavrekning om lag klokka 13.30
- Sluttavrekning om lag klokka 15.30

Private oppgjerbankar lèt posisjonane frå nivå 2-bankane inngå i sine egne avrekningssystem utan å stille krav om dekning eller sikkerheit for desse. Vidare garanterer dei private oppgjerbankane for at dei vil belaste eller godskrive kontoen til den enkelte nivå 2-banken når

Figur 2.1 Omsetnad i NICS. Dagleg gjennomsnitt. Milliardar kroner. 2002 – 2012



Kjelder: NICS Operatørkontor

oppgjert er gjennomført i NBO. For at dei private oppgjerbankane skal unngå tap og kunne kontrollere og avgrense eksponeringa mot dei enkelte deltakarbankane, innførte banknæringa eksponeringsgrenser (CAP) i NICS Netto frå 3. september 2012.¹² Dei private oppgjerbankane fastset CAP individuelt for dei underliggjande nivå 2-bankane. Ein nivå 2-bank som bryt CAP-en sin, får ikkje nokon av transaksjonane sine med i avrekninga, slik at betalingane til og frå kundane til banken blir forseinka.¹³ Noregs Bank er oppteken av at oppgjerbankane skal setje CAP på eit nivå der bankane unngår å bryte grensene så hyppig at det skaper stor uro i betalingsoppgjera. Frå oppstarten 3. september 2012 og ut året var det to tilfelle der CAP-en blei overskriden i morgonavrekninga. Noregs Bank meiner at det er eit akseptabelt nivå.

Ei meir effektiv betalingsformidling

Innføringa av eit fjerde oppgjer (formiddagsavrekninga) 12. oktober 2012 har bidrege til ei meir effektiv betalingsformidling. Fleire avrekningar reduserer likviditetsrisikoen i oppgjera fordi posisjonane som byggjer seg opp mellom bankane, blir lågare når det er kortare tid mellom

¹² Sjå nærmare detaljar i Noregs Bank (2012) s. 22.

¹³ Ved overskriding av CAP i morgonavrekninga blir posisjonen utelaten og flytta til neste avrekning. I mellomavrekningane og sluttavrekninga er det gitt ein frist for inndekking på høvesvis 15 og 30 minutt. Dersom dei aktuelle nivå 2-bankane ikkje har fått auka CAP eller skaffa nok likviditet innan fristen for sluttavrekninga, kan bankane bli utestengde frå NICS.

nettooppgjera. Samtidig kjem betalingane raskare fram til mottakarane. Hyppigare avrekningar reduserer òg konsekvensane for ein bank som overskrid CAP i morgon-avrekninga eller ikkje rekk innsendingsfristen i formiddags- eller ettermiddagsavrekninga, ettersom det er kortare tid til neste avrekning. Risikoen i betalingsformidlinga er dermed redusert, samtidig som betalingane til kundane blir gjennomførte raskare.

Ved behov for overføringar i realtid kan publikum likevel oppleve at betalingsformidlinga er langsam. Eit døme på det kan vere ein bilseljar som ønskjer å få stadfesta motteke beløp frå kjøparen samtidig med at salet finn stad. For å dekkje behovet for betalingsoverføringar i realtid vedtok banknæringa 3. mai 2012 å innføre «straksbetalingar». Det skal vere kredittoverføringar i norske kroner som utan opphald blir utførte mellom kundekontoar i ulike bankar.¹⁴ Planen er at den felles infrastrukturen for straksbetalingar skal vere på plass i løpet av 2013, men det vil vere opp til bankane å leggje til rette løysingane inn mot fellesfunksjonen.

Endringar i selskapsstruktur i Nets-konsernet

Gode styringsstrukturar bidreg til at betalingssystem kan drivast effektivt og sikkert. NICS Operatørkontor er etter betalingssystemlova (bsl.) ansvarleg for etablering og drift av NICS, og er underlagt konsesjon og tilsyn av Noregs Bank. NICS Operatørkontor har sett bort drifta av NICS til Nets Norge Infrastruktur AS (NNI). NNI baserer leveransen av NICS på driftsleveransar frå Nets Norway AS, som er eit anna selskap i Nets-konsernet.

NICS Operatørkontor sende 12. desember 2012 ei endringsmelding om at Nets Holding A/S planlegg å fusjonere Nets Norway AS og Nets Denmark A/S til det nye selskapet Nets A/S, registrert i Danmark. Endringar i eigar-, organisasjons-, og driftsforhold skal meldast til Noregs Bank, jf. bsl. § 2-6. Endringar vil ikkje bli godkjende dersom dei forringar kvaliteten på eller aukar risikoen ved driftsleveransane. Godkjenning vil heller ikkje bli gitt dersom endringar fører til at systemeigaren

får mindre styring og kontroll med systemet.¹⁵ NICS Operatørkontor har ansvar for at driftsstanden blir driven i samsvar med betalingssystemlova uavhengig av selskapsstruktur. For å følgje opp dette ansvaret må NICS Operatørkontor mellom anna

- ha kompetanse om drifta av systemet
- vere sikra styring og kontroll med leveransane til NICS
- ha bruksrett og vilkår ved skifte av leverandør tydeleg regulert, slik at dei kan velje å flytte drifta til ein annan leverandør ved behov

Noregs Bank godkjende endringsmeldinga av 12. desember 2012. NICS Operatørkontor opplyste i meldinga at det ikkje ville reise innvendingar mot fusjonane av Nets Norway AS og Nets Denmark A/S, og peikte på forhold det ville følgje opp for å halde oppe god styring og kontroll etter omstruktureringa. Når NICS Operatørkontor har forhandla fram utkast til ny avtale med NNI, må operatørkontoret sende endringsmelding om avtalen. Noregs Bank må godkjenne den nye endringsmeldinga før avtalen kan inngåast, jf. bsl. § 2-6.

Risiko i NICS

Betalingssystem spelar ei sentral rolle i økonomien, og ein svikt i slike system kan derfor skape store forstyringar og ringverknader. Ifølgje bsl. § 2-1 skal interbanksystem innrettast slik at dei varettek omsynet til finansiell stabilitet. Det inneber både dagleg oppfølging av operasjonell risiko (til dømes planlegging av korleis viktige funksjonar kan varetakast ved avbrot) og førebygging av systemrisiko (til dømes motverke risiko som følgje av likviditets- eller soliditetssvikt hos deltakarane i systemet).

NICS Operatørkontor avgrensar den operasjonelle risikoen gjennom testing av systema, tekniske oppgraderingar og forbetring av rutinar og prosedyrar. Bankane har bidrege til redusert finansiell risiko i interbanksystema, mellom anna ved å ha avrekning og oppgjer på to nivå, innføre oppgjerstrammer og kreditere først etter oppgjer.

¹⁴ Sjå Noregs Bank (2012) for nærmare beskriving av ordninga.

¹⁵ Noregs Bank kan òg stille krav som må innfriast før endringsmeldinga kan godkjennast.

Oppfølging av operasjonell risiko


NICS hadde stabil drift i 2012. Talet på avvik og feilpoeng (mål på kor alvorlege avvika er) blei kraftig redusert frå 2011 trass i store systemendringar i løpet av året, sjå figur 2.2. Ingen av avvika blei klassifiserte som alvorlege eller kritiske. I fire av tilfella kom avvika av feil i data-baseløysinga til NICS, mens dei resterande tre avvika kom av nettverksproblem.

NICS Operatørkontor arbeider med å forbetre kvaliteten på systemet og gjere det meir robust, mellom anna gjennom sjølvsertifisering (for nivå 1-bankar) og eigenmelding (for nivå 2-bankar). I desse ordningane må bankane svare på ei rekkje spørsmål om betalingsformidlingsrutinane og gi ei vurdering av sin eigen kompetanse på området. Formålet med ordninga er å gjere den enkelte banken merksam på beredskap for handtering av avvik som gjennom NICS kan påverke andre bankar.

Førebygging av systemrisiko

NICS er utforma slik at systemet i seg sjølv ikkje bidreg til finansiell systemrisiko. Kredittrisikoen som bankane hadde i betalingsoppgjera, blei fjerna sommaren 2000 ved at bankane begynte å kreditere kundane sine etter at dei sjølve hadde fått pengane i oppgjera i Noregs Bank.¹⁶

Figur 2.2 Avvik i NICS-drift. Feil og feilpoeng. 2002 – 2012



Kjelde: NICS Operatørkontor

¹⁶ Delar av kredittrisikoen blir førte inn igjen med straksbetalingar, men dette dreier seg truleg om avgrensa beløp.

Sjølv om NICS er utforma slik at den operasjonelle og likviditetsmessige risikoen skal vere låg, kan ikkje slik risiko fjernast fullstendig på same måten som kredittrisiko. Ein operasjonell svikt kan oppstå både i NICS og hos ein bank. Nødvendig og effektiv omfordeling av likviditet vil i ein slik situasjon vere avhengig av at bankane har tillit til kvarandre, at dei har nok likviditet tilgjengeleg i Noregs Bank, og at dei har gode rutinar for å handtere slike situasjonar.

Avbrot hos ein bank kan medføre store kostnader for andre bankar i systemet. Dersom ein bank i systemet ikkje er i stand til å sende utgåande transaksjonar, vil ikkje andre bankar få transaksjonar dei hadde venta å få. Dersom nokre av desse bankane er avhengige av dei inngåande transaksjonane, kan desse bankane òg bli ute av stand til å gjere plikta si. Berge og Christophersen (2011) analyserer moglege smitteeffektar av at ein bank får operasjonelle problem som fører til at han ikkje kan sende frå seg betalingsoppdrag. Analysen viste at slike problem som regel ikkje fekk konsekvensar for betalingsevna til dei andre bankane. Men på enkelte oppgjersdagar, med store enkeltbetalingar og lågare likviditet enn normalt, ville manglande betalingar frå problembanken medføre at ein eller fleire andre bankar i NBO fekk for låg tilgjengeleg likviditet til å sende betalingar. Analysen viste at for berre fire av bankane (som er store og aktive i NBO) vil ein slik operasjonell svikt påføre andre bankar i systemet likviditetsproblem.

Eitt av forholda som ikkje blei analyserte i Berge og Christophersen (2011), er smitteeffektar som følgje av at ein bank manglar dekning i eit nettooppgjær. Ein analyse som Noregs Bank utførte vinteren 2013, viser likevel at det er lite truleg at dette vil gi smitteeffektar, sjå eiga ramme.

Enklare skifte av oppgjersbank

Noregs Bank har laga avtalar for at nivå 2-bankane skal få delta direkte i nettooppgjera i NBO (på nivå 1) dersom éin av dei private oppgjersbankane ikkje er i stand til å utføre funksjonen som oppgjersbank. NICS Operatørkontor har sørgt for effektive operasjonelle rutinar i NICS for at ramma nivå 2-bankar raskt skal kunne etablere seg

med ny oppgjersbank. Det føreset at nivå 2-bankane har tilsvarande rutinar og beredskap for skifte av oppgjersbank, og at dei har ein avtale med ein reserveoppgjersbank.

NICS Operatørkontor kan etter avtale med Noregs Bank bestemme at oppgjer frå nivå 2-bankar blir overført til NBO dersom ein privat oppgjersbank ikkje kan utføre funksjonen som oppgjersbank. Ei slik avgjerd krev at nivå 2-bankane har ordinær konto i Noregs Bank, og at dei har gitt operatørkontoret fullmakt til å gjennomføre eit slikt skifte. NICS Operatørkontor sende 7. november 2012 eit brev til alle nivå 2-bankane med ordinær konto i Noregs Bank med oppmoding om å returnere ei slik fullmakt. I begynnelsen av mai 2013 hadde 104 av 106 slike nivå 2-bankar returnert fullmakta. Fullmaktene kan bidra til ei raskare overføring av ramma nivå 2-bankar til ny oppgjersbank og dermed støtte opp om finansiell stabilitet dersom ein privat oppgjersbank skulle få operasjonelle problem eller bli sett under offentleg administrasjon. I tillegg bidreg arbeidet med sjølvsertifisering og eigenmelding til å auke beredskapen for å handtere slike avvik.

Noregs Bank har sett på om nivå 2-bankane har nok innskot og lånetilgang i Noregs Bank til å kunne oppfylle plikta si dersom dei må skifte oppgjersbank og delta på nivå 1 i NBO. Data frå desember 2012 viser at 91 av dei 110 nivå 2-bankane hadde mykje tilgjengeleg likviditet i Noregs Bank. Ni av nivå 2-bankane ville ikkje hatt nok likviditet i NBO til å dekkje avrekningsposisjonane sine i minst eitt av oppgjera, mens seks av nivå 2-bankane var på grensa. Fire av nivå 2-bankane hadde ingen tilgjengeleg likviditet i Noregs Bank. Desse bankane må setje inn pengar eller pantsetje verdipapir til fordel for Noregs Bank for å ha dekning for ein avrekningsposisjon frå NICS eller sende ei bruttobetaling.

Noregs Bank si vurdering

Noregs Bank meiner at drifta av NICS i 2012 var god og stabil. Talet på avvik målt etter feilpoeng er lågt, og det har gått ned samanlikna med tidlegare år. Noregs Bank er òg positiv til tiltaka som er gjennomførte i NICS for å redusere risikoen. Det gjeld spesielt enklare skifte av

oppgjersbank og innføring av CAP for bankar med oppgjer på nivå 2.

NICS Operatørkontor vil gjennomføre ei sjølvevaluering av NICS etter dei nye prinsippa frå CPSS-IOSCO i 2013. Noregs Bank vil gi si vurdering våren 2014. Noregs Bank har tidlegare evaluert NICS etter internasjonale tilrådingar og fann at systemet var tilfredsstillande, sjå Noregs Bank (2007 og 2008).

Smitteeffektar av at ein bank manglar dekning i nettooppgjøret

Dersom ein bank manglar dekning for avrekningsposisjonen sin, blir avrekningsresultatet returnert til NICS, som sørgjer for ei ny avreking utan transaksjonane frå og til banken som ikkje hadde dekning (såkalla reversering). Ei ny avreking inneber nye posisjonar for dei resterande 21 bankane. Bankar som har fordringar på denne banken, får ei større innbetalingsplikt eller ei redusert utbetaling i det reviderte nettooppgjøret. Dei nye posisjonane kan bli svært forskjellige frå dei opphavlege, og fleire bankar kan miste dekning for den nye avrekningsposisjonen.

Dei 22 bankane med nettooppgjør i Noregs Bank har mykje likviditet tilgjengeleg i NBO, og avrekningsposisjonane er gjennomgåande låge samanlikna med denne likviditeten, sjå figur 1. Det gjer det mindre sann-


synleg at det skal oppstå ein alvorleg situasjon med smitteeffektar. I desember 2012 utgjorde innbetalingsplikta til ein bank maksimalt 40 prosent av den tilgjengelege likviditeten til banken. Bankane har òg sanntidsinformasjon gjennom NBO Online, der dei kan følge med på kva posisjon dei til kvar tid har. Dei har derfor tid til å skaffe seg nødvendig likviditet før nettooppgjøret, også ved store utgåande betalningar. Normalt har bankane dermed ikkje problem med å gjere opp for seg i desse oppgjøra.

Basert på data for NICS for desember 2012 har Noregs Bank analysert i kva grad manglande dekning hos ein bank i nettooppgjøra kan føre til at andre bankar får problem med å gjere opp for seg. Analysen er avgrensa til seks store bankar. Noregs Bank har sett på smitteverk-

nader blant desse seks bankane dersom éin av dei ikkje har dekning i kvart av dei fire nettooppgjøra.


Analysen viste at dei bilaterale posisjonane mellom dei seks bankane stort sett er på låge nivå samanlikna med likviditeten dei har i NBO. Eit bortfall av éin av desse seks bankane i eit nettooppgjør utgjør dermed normalt ikkje nokon fare for at dei fem andre bankane ikkje skal klare å gjere opp for seg. Det gjeld òg tilfella der bankane har svært store bilaterale posisjonar. Figur 2 viser likviditetsbehovet til dei fem resterande bankane på tidspunktet for revidert NICS-avreking. Det høgaste behovet i desember 2012 utgjorde om lag 70 prosent av den tilgjengelege likviditet til den aktuelle banken i NBO.

Figur 1 Multilaterale posisjonar¹⁾ i NICS-avrekinga til dei 22 nivå 1-bankane. I prosent av bankens tilgjengelege likviditet i NBO. Alle nettoavrekingar i desember 2012



¹⁾ Posisjon over null betyr at banken har ei innbetalingsplikt, og posisjon under null betyr at banken ventar ei utbetaling.
Kjelder: NICS Operatørkontor og Noregs Bank

Figur 2 Likviditetsbehov for fem store bankar ved tidspunktet for revidert NICS-avreking dersom ein bank ikkje kan delta i avrekinga. I prosent av den tilgjengelege likviditeten til banken. Alle nettoavrekingar i desember 2012



Kjelder: NICS Operatørkontor og Noregs Bank

2.1.2 Noregs Banks oppgjerssystem (NBO)

Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken i Noreg, og posisjonar mellom norske bankar blir gjorde opp i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO). Nesten alle bankar i Noreg har konto i Noregs Bank. 22 store og mellomstore bankar deltek direkte i dei daglege nettooppgjera i NBO. Dei fleste av desse er òg aktive i NBO gjennom oppgjersdagen med jamlege innsendingar av bruttobetalingar.

Det er viktig for den finansielle stabiliteten at aktørane kan stole på at oppgjera i NBO går som planlagt, utan store forstyringar eller utsetjingar. Det føreset at NBO held god kvalitet, er driftssikkert og utfører oppgåvene sine utan store avvik. Vidare må deltakarbankane i oppgjerssystemet oppfylle pliktene sine. Det gjer dei ved å sørge for at innskot og lånetilgang i Noregs Bank er nok til at alle innmelde transaksjonar kan gjerast opp utan forseinkingar. Som ein del av Noregs Bank sitt arbeid med å fremje finansiell stabilitet blir både sjølve NBO-systemet og aktiviteten til bankane overvaka kontinuerleg.

Overvaking av NBO


Drifta av NBO har vore stabil sidan innføringa av nytt oppgjerssystem i april 2009. Systemet var tilgjengeleg 99,99 prosent av tida i 2012. NBO Online, som gir bankane tilgang til informasjon om kontoane sine, var tilgjengeleg 99,97 prosent av tida. Systemet som registrerer når bankane pantsar verdipapir, var tilgjengeleg 99,98 prosent av tida.

I løpet av året er det etablert ny teknisk infrastruktur for kommunikasjonsløysinga (SWIFT) og nytt system for betalingsoppgjjer i realtid (RTGS). Vidare blei driftsmønsteret for NBO endra i oktober 2012 ved at det blei innført eit fjerde dagleg oppgjjer av betalingar som blir avrekna i bankane sitt fellessystem NICS (NICS Netto), sjå avsnitt 2.1.1.


Aktiviteten til deltakarbankane i NBO

Alle deltakarbankane skal kunne stole på at dei får dei venta inngåande transaksjonane til rett tid. Normalt er den tilgjengelege likviditeten for transaksjonsformål i NBO god for dei aller fleste bankane, og transaksjonar blir sjeldan stoppa på grunn av manglande dekning.

Figur 2.3 Dagleg omsetnad i NBO i 2012. Milliardar kroner



Figur 2.4 Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i NBO fordelt på oppgjjer. Milliardar kroner. 2001 – 2012



Risikoen for smitteeffektar ved operasjonelle avvik er særleg stor på dagar med svært høg omsetning, sjå figur 2.3.

Den gjennomsnittlege daglege omsetninga i NBO i 2012 var på om lag 214 milliardar kroner, ein auke på 17 prosent frå 2011, sjå figur 2.4.

Det er mange ulike typar betalingar som blir gjorde opp i NBO. Bankane sine mellomvære som kjem av kundebetalingar, minibank og rekningsbetalingar, blir avrekna i NICS fire gonger dagleg og sende til NBO for oppgjjer.

Avrekninga for pengesida av verdipapiroppgjeret blir send inn til NBO to gonger dagleg, klokka 06.00 og klokka 12.00. CLS-innbetalningar skjer ikkje til eit gitt tidspunkt, men mesteparten av innbetalingane er gjennomførte innan klokka 08.00 om morgonen.

Alle bankar som har konto i Noregs Bank, kan sende bruttotransaksjonar direkte til NBO. Dei fleste bruttotransaksjonane blir sende via NICS, som vidare sender transaksjonane til NBO for direkte oppgjær. Betalingar til og frå valutaoppgjærssystemet CLS blir sende som bruttobetalingar direkte til NBO og utgjorde om lag 15 milliardar kroner dagleg i 2012. Gjennomsnittleg dagleg innbetalingsplikt for dei fire bankane som betaler inn norske kroner til CLS-oppgjeret, er på om lag 7,5 milliardar kroner (sjå meir om CLS i avsnitt 2.2). Andre bruttobetalingar mellom bankane skjer gjennom heile dagen. Risikoen for at ei betaling ikkje blir gjennomført, blir redusert dersom store bruttotransaksjonar blir gjorde opp i god tid før stengjetida til oppgjærssystemet. Ein stor del av transaksjonsverdien av bruttobetalingane blir gjort opp midt på dagen, sjå figur 2.5.

Samanlikna med transaksjonane til bankane er summen av bankinnskota i Noregs Bank og verdien av pantsette papir forholdsvis høg. Bankane sine pantsette verdipapir til fordel for Noregs Bank har variert noko gjennom 2012,


men er normalt på om lag 250–300 milliardar kroner, sjå figur 2.6. Fordelinga av likviditet mellom dei ulike bankane er likevel ikkje jamn. Bankane sitt maksimale behov for likviditet i løpet av ein oppgjærdsdag samanlikna med den tilgjengelege likviditeten viser stor spreiding blant dei 22 nivå 1-bankane, sjå figur 2.7. Nokre av bankane har etter måten høge verdiar på enkeltdagar, noko som vil seie at dei i løpet av dagen har trekt på nesten alt av den tilgjengelege likviditeten sin. Det er viktig at desse bankane har ei god likviditetsstyring og innarbeidde rutinar for raskt og effektivt å kunne skaffe ekstra likviditet ved behov. Ekstra likviditet kan til dømes skaffast gjennom Scandinavian Cash Pool, sjå mellom anna Noregs Bank (2004).

Vurderinga til Noregs Bank

Noregs Bank meiner at drifta av NBO var god og stabil i 2012. Det var få avvik, og sjølv oppgjærssystemet var tilgjengeleg 100 prosent av tida.


Operatøren av systemet vil gjere ei sjølvevaluering av systemet etter dei nye CPSS/IOSCO-prinsippa i 2013. Noregs Bank vil, som overvåkingsmyndigheit, gi si vurdering våren 2014. Noregs Bank har tidlegare evaluert NBO etter internasjonale tilrådingar og konkludert med at systemet har ein tilfredsstillande låg risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008).

Figur 2.5 Gjennomsnittleg verdivekta tidspunkt for bankane sine bruttobetalingar i NBO, 2012




Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.6 Bankane sitt samla innskot og unytta høve til lån i Noregs Bank ved dagsslutt. Milliardar kroner, 2012



Kjelde: Noregs Bank

Figur 2.7 Likviditetsbrøk. Det maksimale likviditetsbehovet til enkeltbankar i NBO på ein dag delt på den tilgjengelege likviditeten til banken i NBO. Normal transaksjonsrekkefølge. Gjennomsnitt for bankar med direkte oppgjær i NBO. 2012



Kjelde: Noregs Bank

2.1.3 Private oppgjersbankar

Det var tre private oppgjersbankar i Noreg ved utgangen av 2012. Desse deltek direkte i oppgjera i NBO (nivå 1) og gjer opp på vegner av ein eller fleire underliggjande bankar (nivå 2), sjå avsnitt om NICS. Private oppgjersbankar reduserer talet på deltakarar i oppgjera og dermed risikoen for forseinkingar i gjennomføringa av oppgjera. For å avgrense risikoen som er knytt til rolla som oppgjersbank, er det innført oppgjersrammer (CAP) for bankane på nivå 2, sjå avsnitt 2.1.1.

DNB er oppgjersbank for 98 deltakarbankar og er den største private oppgjersbanken i Noreg. Oppgjerssystemet til DNB har vore stabilt dei seinaste åra. Talet på melde avbrotssituasjonar auka likevel frå ein i 2011 til ni i 2012. Ingen av avvika var likevel særleg alvorlege, og ingen av feila fekk direkte konsekvensar for deltakarbankane. Avvika førte ikkje til forseinkingar i interbankoppgjera, men nokre av DNB sine eigne transaksjonar blei forskyvde frå eitt oppgjær til neste innanfor same dag, og i eitt tilfelle frå sluttoppgjæret til morgonoppgjæret neste dag.

Mindre oppgjerssystem

SpareBank 1 SMN er oppgjersbank for elleve små og mellomstore bankar. Banken er friteken frå konsesjon som privat oppgjersbank fordi han er vurdert som mindre

viktig for finansiell stabilitet. Noregs Bank fører dermed ikkje tilsyn med SpareBank 1 SMN, men gjennomfører årlege overvakingsmøte.

I tillegg er Danske Bank privat oppgjersbank for ein bank.

Vurderinga til Noregs Bank

Noregs Bank meiner at drifta i dei private oppgjersbankane var stabil i 2012. Noregs Bank er positiv til redusert risiko for dei private oppgjersbankane gjennom innføringa av CAP for bankar med oppgjær på nivå 2.

DNB og Sparebank 1 SMN vil gjennomføre ei sjøelvevaluering av systema sine i 2013. Noregs Bank vil gi si vurdering våren 2014. Som ein del av tilsynsarbeidet har Noregs Bank tidlegare evaluert systemet til DNB etter internasjonale tilrådingar, og konklusjonen var at systemet har ein tilfredsstillande låg risiko, sjå Noregs Bank (2007 og 2008).

2.2 Oppgjær av valutahandlar

CLS Bank er ein oppgjersbank for valutahandlar og gjer opp handlar i 17 ulike valutaer¹⁷. CLS er lokalisert i New York og er underlagd tilsyn av Federal Reserve. Sentralbankane for dei resterande 16 valutaene, deriblant Noregs Bank, deltek i ei overvakingsgruppe som Federal Reserve leier. I juli 2012 blei CLS peika ut som ein av åtte «systemically important financial market utilities» under Dodd-Frank Act.

Aktørane kan delta i CLS anten som oppgjersmedlem eller som tredjepart. Oppgjersmedlemmene gjer sjølve alle inn- og utbetalingar, mens tredjepartsmedlemmer betaler inn og ut via oppgjersmedlemmer. Dersom ein oppgjersmedlem skal gjere opp ein handel, anten på vegner av seg sjølv eller på vegner av ein tredjepart, i ein valuta der han ikkje har konto i den aktuelle sentralbanken, må oppgjersmedlemmen bruke ein korrespondentbank. I januar 2013 hadde CLS 62 oppgjersmedlemmer. DNB er den einaste norske oppgjersmedlemmen,

¹⁷ Amerikanske dollar, euro, britiske pund, canadiske dollar, sveitsiske franc, hongkong dollar, australske dollar, newzealandske dollar, mexicanske pesos, israelske shekel, koreanske won, singaporske dollar, japanske yen, sørafrikanske rand, danske kroner, svenske kroner og norske kroner.

men også Nordea, Danske Bank og Skandinaviska Enskilda Banken betaler inn norske kroner til CLS i NBO.


CLS gjer opp valutaspotavtalar, valutabyteavtalar og valutaterminkontraktar. I desse handlane blir oppgjersrisikoen fjerna ved at deltakarane ikkje treng å betale sin del av avtalen før dei har fått sin del, det vil seie «payment versus payment». Det sikrar ein ved at alle deltakarane har konto i CLS, og at CLS har konto i alle sentralbankane som har den valutaen han tilbyr oppgjer i. CLS tilbyr òg oppgjer av kredittderivat handla utanom børs og ikkje-leverbare terminkontraktar, der det berre er ei einvegs betaling (og ikkje byte av hovudstol). I tillegg gjer CLS opp utøving av valutaopsjonar. Desse betalingsinstruksjonane kan ikkje skiljast frå betalingsinstruksjonar frå spotavtalar eller terminkontraktar.

Dei fleste av handlane CLS gjer opp, er spotavtalar. Dersom ein ser på verdiane av handlane, derimot, er verdiane av byteavtalene like høge, sjå figur 2.8.

Handlane i CLS blir gjorde opp brutto, men det blir betalt inn på netto basis. I tillegg kan bankane handle ned innbetalingspliktene sine ved å byte valuta seg imellom. Det fører til at innbetalingspliktene til bankane blir monaleg lågare enn verdiane som blir gjorde opp. Netto likviditet ut av og inn til NBO er mellom 3 og 5 prosent av handlane som blir gjorde opp, sjå figur 2.9.


CLS jobbar med å inkludere fleire nye valutaer i oppgjerssystemet sitt. I 2013 vil CLS truleg tilby oppgjer av same-dag-handlar,¹⁸ i første omgang mellom amerikanske og canadiske dollar.

Figur 2.8 Handlar og dagleg verdi per instrument. Milliardar USD. Desember 2012



Kjelde: CLS

Figur 2.9 Verdi dagleg oppgjer i CLS der NOK inngår, og inn- og utbetalningar i NOK. Månadleg gjennomsnitt. Milliardar NOK. 2006–2012



Kjelder: CLS og Noregs Bank

18 Handlar der oppgjeret skjer same dag. Vanlegvis skjer oppgjeret to eller tre dagar etter handelen.

Nye prinsipp for overvaking av finansiell infrastruktur

Samarbeidsorgan for sentralbankar (CPSS¹) og tilsynsmyndigheiter (IOSCO²) publiserte 16. april 2012 ein rapport med prinsipp for overvaking av finansiell infrastruktur. Prinsippa skal bidra til ein robust og effektiv finansiell infrastruktur som støttar opp om stabiliteten i det finansielle systemet.

Finansiell infrastruktur omfattar multi-laterale system som blir nytta til å registrere, avrekne eller gjere opp betalningar, verdipapir, derivat eller andre finansielle transaksjonar. Rapporten frå CPSS-IOSCO nyttar forkortinga FMI (frå det internasjonale omgrepet «Financial Market Infrastructure») om institusjonane som står for den finansielle infrastrukturen.

Dei nye prinsippa erstattar kjerne-prinsippa for betalingssystem (CPSS 2001), prinsippa for verdipapiropp-gjerssystem og verdipapirregister (CPSS-IOSCO 2001 og 2002) og prinsippa for sentrale motpartar (CPSS-IOSCO 2004). Det nye settet med prinsipp skal vere felles for dei fem typene finansiell infrastruktur:

- systemviktige betalingssystem
- verdipapiroppgjerssystem
- verdipapirregister
- sentrale motpartar
- transaksjonsregister

1 CPSS (Committee on Payment and Settlement Systems), sjå <http://www.bis.org/cpss/index.htm>.

2 IOSCO (International Organization of Securities Commissions), sjå <http://www.iosco.org>.

Eitt sett med prinsipp skal gjere det lettare å sikre større samsvar og konsistens i myndigheitene si overvaking av ulike system. Alle prinsippa gjeld likevel ikkje for alle typene finansiell infrastruktur etter som dei har forskjellig verksemd. Eitt døme er at prinsippa for kreditt- og likviditetsrisiko ikkje er relevante for transaksjonsregister, som berre har aktiviteter knytte til registreringa av transaksjonar. Tabell 1 gir ei oversikt over kva prinsipp som gjeld for dei ulike FMI-typene.

I tillegg til prinsippa introduserer rapporten frå CPSS-IOSCO fem forventingar som kan stillast til kritiske tenesteleverandørar for FMI-ar, til dømes IT-selskap eller leverandørar av kommunikasjonsløyser. Formålet er å sikre at tenestene deira skal halde den same standarden som dei ville gjort dersom det var FMI-en som stod for dei.

Samarbeidsorgana CPSS og IOSCO har ikkje lovgivande myndigheit og kan ikkje påleggje FMI-ar å følgje dei nye prinsippa. Nasjonale myndigheiter har derfor eit ansvar for å implementere eit overvakingssystem og ei regulering som sikrar at FMI-ane oppfyller prinsippa. I rapporten set CPSS-IOSCO opp fem ansvarsområde for myndigheitene. Nedanfor er ein gjennomgang av kva ansvarsområda går ut på, og korleis Noregs Bank vil følgje dei opp.

3 CPSS-IOSCO (2012a), sjå vedlegg F.

A: Regulering, overvaking og tilsyn

FMI-ar skal vere underlagde formåls-tenleg og effektiv regulering, tilsyn og overvaking utført av ein sentral-bank, eit finanstilsyn eller anna relevant myndigheit.

Noregs Bank overvakar aktørar i norsk finansiell infrastruktur. Overvakinga omfattar i dag NICS, VPO, oppgjerssystemet i Oslo Clearing, dei private oppgjerssystema til DNB og SpareBank 1 SMN og Noregs Banks eige oppgjerssystem. VPS og Oslo Clearing er underlagde tilsyn av Finanstilsynet, mens Noregs Bank fører tilsyn med NICS og oppgjerssystemet til DNB.⁴ Fleire av systema er såleis underlagde både overvaking og tilsyn.

Oppgjerssystema til DNB og SpareBank 1 SMN er såkalla kvasisystem. Eit kvasisystem er ein kommersiell institusjon som er ansvarleg for avrekning og oppgjer av betalningar på vegner av andre institusjonar, og som står for ein vesentleg del av betalingane i ein valuta, sjå CPSS (2005) side 20. Viktige kvasisystem kan underleggjast overvaking,⁵ men rapporten frå CPSS-IOSCO gir ingen retningslinjer for korleis prinsippa skal nyttast for slike system. Fordi større private oppgjersbankar er svært viktige for norsk betalingsformidling, meiner Noregs Bank at

4 Oppgjerssystemet til Sparebank 1 SMN er fritake frå kravet om konsesjon og tilsyn, jf. betalingssystemlova § 2-3.

5 CPSS (2005), side 20.

Tabell 1: Relevante prinsipp for dei ulike FMI-ane

Prinsipp	Type FMI				
	Betalings-system	Verdipapir-register	Verdipapir-oppgjerssystem	Sentrale motpartar	Transaksjons-register
1. Juridisk grunnlag	x	x	x	x	x
2. Styringsstruktur	x	x	x	x	x
3. Rammeverk for risikostyring	x	x	x	x	x
4. Kredittisiko	x		x	x	
5. Tryggleiksstilling	x		x	x	
6. Marginar				x	
7. Likviditetsrisiko	x		x	x	
8. Finalitet	x		x	x	
9. Pengeoppgjer	x		x	x	
10. Fysisk levering		x	x	x	
11. Verdipapirregister		x			
12. EoV-oppgjerssystem ¹	x		x	x	
13. Deltakarmisleghald	x	x	x	x	
14. Segregering og portabilitet				x	
15. Forretningsrisiko	x	x	x	x	x
16. Investeringsrisiko	x	x	x	x	
17. Operasjonell risiko	x	x	x	x	x
18. Tilgang og deltakarkrav	x	x	x	x	x
19. Indirekte deltaking	x	x	x	x	x
20. Samanknytningar		x	x	x	x
21. Effektivitet	x	x	x	x	x
22. Kommunikasjon	x	x	x	x	x
23. Publisering av informasjon	x	x	x	x	x
24. Transaksjonsregister					x

1 EOV («exchange-of-value»)-oppgjerssystem inneber simultant byte av to eigedelar i ein handel, til dømes oppgjer av valuta- eller verdipapirtransaksjonar.

dei som hovudregel bør oppfylle prinsippa som gjeld for systemviktige betalingssystem. Eit viktig omsyn er at prinsippa skal implementerast på same måten for alle private oppgjersbankar som er underlagde overvaking.

Den nye rapporten opnar som nemnt ovanfor òg for at leverandørar av kritiske tenester til FMI-ar kan underleggjast overvaking. Noregs Bank vil vere oppteken av kva leverandørar ein FMI nyttar, og kan i spesielle tilfelle krevje at ein FMI ikkje nyttar bestemte leverandørar.

B: Makt og ressursar

Sentralbankar, finanstilsyn og andre relevante myndigheiter skal ha makt og ressursar til å utøve ansvaret for å overvake, føre tilsyn med og regulere FMI-ar.

Etter lov om betalingssystem har Noregs Bank ansvar for å gi konsekasjon til og føre tilsyn med interbank-system som er viktige for den finansielle stabiliteten. Noregs Bank kan mellom anna stille krav om at systema skal endrast dersom dei ikkje er innretta på ein slik måte at omsynet til den finansielle stabiliteten er vareteke. Ansvar for tilsynet med sentrale motpartar og VPS er som nemnt lagt til Finanstilsynet. Sentralbanklova gir Noregs Bank eit ansvar for å overvake den finansielle infrastrukturen. Noregs Bank overvakar mellom anna FMI-ar og kvasisystem, sjå punkt A.

C: Offentleggjing av politikk

Sentralbankar, finanstilsyn og andre relevante myndigheiter skal klart definere og offentliggjere politikken for regulering, tilsyn og overvaking av FMI-ar.

Noregs Bank varsla i Årsrapport om betalingssystem 2011 og i eige brev til systemeigarane at dei nye prin-

sippa vil bli tekne i bruk i overvakinga av finansiell infrastruktur. Noregs Bank har vidare bedt NICS Operatørkontor, VPS, Oslo Clearing, DNB og SpareBank 1 SMN om å gjennomføre ei sjøvevaluering etter dei nye prinsippa i 2013. Det vil òg bli gjort ei sjøvevaluering av oppgjerssystemet til Noregs Bank. Noregs Bank planlegg å publisere si eiga vurdering av aktørane våren 2014.

D: Bruk av prinsippa

Sentralbankar, finanstilsyn og andre relevante myndigheiter skal slutte seg til prinsippa og nytte dei på ein konsistent måte.

Noregs Bank slutta seg offentleg til dei nye prinsippa i Årsrapport om betalingssystem 2011 og vil nytte prinsippa på FMI-ar og kvasisystem som er lokaliserte i Noreg, jf. punkt A og C.

E: Samarbeid med andre myndigheiter

Sentralbankar, finanstilsyn og andre

relevante myndigheiter skal samarbeide med kvarandre både innanlands og internasjonalt når det er formålstenleg, for å fremje robuste og effektive FMI-ar.

Noregs Bank samarbeider med Finanstilsynet om å overvake og ha tilsyn med norske FMI-ar, sjå side 22. Noregs Bank og Finanstilsynet har offentliggjort to notat med ei meir detaljert beskriving av samarbeidet mellom dei to institusjonane.⁶ Internasjonalt samarbeider Noregs Bank med andre sentralbankar om å overvake valutaoppgjerssystemet Continuous Linked Settlement (CLS), sjå side 30. På sikt vil Noregs Bank truleg òg vere med på å overvake sentrale motpartar med grensekryssande verksemd. Endeleg har Noregs Bank ein dialog med andre sentralbankar om korleis ein skal forstå og nytte prinsippa.

⁶ <http://www.norges-bank.no/no/finansiell-stabilitet/overvaking/overvaking-av-betalingssystema/samarbeid-finanstilsynet/>

2.3 Handel med og oppgjer av verdipapir

Velfungerande verdipapirmarknader føreset at handlar og oppgjer av handlar skjer på ein effektiv og trygg måte. Det stiller krav til infrastrukturen for verdipapirmarknadene. I Noreg er dei viktigaste elementa i denne infrastrukturen Oslo Børs, Oslo Clearing og Verdipapirsentralen (VPS).


Handel med verdipapir kan gjerast direkte mellom kjøparen og seljaren, på alternative marknadsplassar eller på børs. Eit utviklingstrekk dei siste åra har vore auka bruk av alternative marknadsplassar (multilateral handels-

fasilitet – MHF)¹⁹. Det gjeld både i Noreg og i andre land, sjå avsnitt 2.3.1.

Endringar i korleis aksjar blir handla, påverkar korleis handlane blir gjorde opp i VPS og Noregs Bank. Aksjar som blir handla på børsar eller alternative marknadsplassar, blir gjorde opp gjennom ein sentral motpart, sjå avsnitt 2.3.3. Aksjar som blir handla utanom børs og alternativ marknadsplass, blir gjorde opp direkte mellom kjøparen og seljaren i verdipapiroppgjeret.

¹⁹ MHF er ein organisert marknadsplass som er driven av bankar o.a., jf. verdipapirhandellova kapittel 11.

Figur 2.10 Marknadsdelar for utvalde børsar.
15 dagars glidande gjennomsnitt. 1. jan 2009 – 31. des 2012



EU er i gang med å utarbeide ei rekkje nye forordningar og direktiv for finansmarknaden, sjå ramme på side 39. Formålet med dei nye initiativa er å bidra til meir robuste marknader, lågare risiko og ein meir gjennomsiiktig marknad. Samtidig kan auka krav til rapportering, harmonisering av løysingar og krav om bruk av sentrale motpartar til oppgjer av eigna instrument òg auke kostnadene for infrastrukturen og marknadsaktørane.

2.3.1 Verdipapirhandel

Redusert marknadsdel for Oslo Børs

Framveksten av nye alternative marknadsplassar har dei siste åra ført til at aksjehandelen i Europa har blitt meir fragmentert. Oslo Børs og andre børsar har mista vesentlege marknadsdelar, sjå figur 2.10. Målt i talet på handlar hadde Oslo Børs ein marknadsdel på nær 100 prosent ved byrjinga av 2009, mens han ved utgangen av 2012 var vel 60 prosent. I hovudsak er det MHF-en BATS CHI-X og Stockholm Børs som har teke marknadsdelar frå Oslo Børs. Aksjehandlar som blir handla på Oslo Børs, blir gjorde opp gjennom Oslo Clearing, sjå avsnitt 2.3.3.

Omsetninga på Oslo Børs har gått ned både for aksjar og renteinstrument. I perioden 2008–2012 er den årlege verdien av omsette renteinstrument redusert frå 5800 milliardar til 2800 milliardar kroner, mens aksjeomsetninga er redusert frå 2500 milliardar til 1000 milliardar kroner. Talet på daglege aksjehandlar på Oslo Børs gjekk ned frå

om lag 91 000 i 2011 til 85 500 i 2012, mens det tilsvarende talet for renteinstrument auka frå 80 i 2011 til 82 i 2012.²⁰

Algotimhandel

Aksjehandel har dei siste åra i aukande grad skjedd ved hjelp av datamaskiner som automatisk generer ordrar basert på algoritmar. Dei mest aggressive algoritmane er dei som blir karakteriserte som «High Frequency Trading» (HFT), sjå Noregs Bank (2012).

For å redusere belastinga på dei tekniske løysingane til handlingsplassane, meklarane og investorane implementerte Oslo Børs 1. september 2012 ei avgrensing på kor mange ordrar børsmedlemmene kan leggje inn før dei må betale ei avgift, ein «order to executed order ratio». Ein børsmedlem som har meir enn 70 registrerte ordrar for kvar gjennomførte handel, må betale ei avgift på 5 øre per ordre. Aktivitet som aukar kvaliteten eller likviditeten i marknaden, er unnateken frå denne regelen. Døme på det er ordrar som ligg i systemet i eitt sekund eller meir, eller ordrar som ligg inne kortare, men som betrar prisen (redusert «bid-ask-spread») eller likviditeten (auka volum på beste pris). Ingen aktørar hadde ved utgangen av 2012 blitt fakturerte for å overskride ordreavgrensinga. Liknande ordreavgrensingar har blitt innførte på fleire andre europeiske børsar.

Handlar gjennom algoritmar krev raske system. 12. november 2012 tok Oslo Børs i bruk eit nytt handelssystem for å dekkje dette behovet, Millennium Exchange. Systemet er mykje raskare enn det gamle handelssystemet og blir brukt av børsar over heile verda. Med det nye handelssystemet kan prisane frå Oslo Børs enklare brukast som referanseprisar for marknadsaktørane.

Oppkjøp av andre børsar

Oslo Børs overtok i januar 2013 100 prosent av aksjane i den svenske børsen Burgundy AB. Burgundy har konsepsjon som regulert marknadsplass og som MHF. Oppkjøpet vil, ifølgje Oslo Børs, gi kundane deira betre tilgang til nordiske marknader fordi fleire selskap og verdipapir vil

²⁰ Handelen med renteinstrument er for ein stor del repoar som Noregs Bank gjer mot dei store bankane. I desse repoane blir norske statsobligasjonar bytte mot kroner.

vere lista. Finansdepartementet gav 30. april 2013 løyve til fusjon mellom Oslo Børs og Burgundy, og til at Oslo Børs utøver verksemd i Sverige gjennom filial.

I februar 2013 overtok Oslo Børs 90,2 prosent av aksjane i fiskederivatbørsen Fish Pool ASA. Ifølgje Oslo Børs blei kjøpet gjort for å styrkje Oslo Børs sin posisjon som den leiande fiskebørsen i verda.

2.3.2 Verdipapiroppgjjer

I verdipapiroppgjjeret (VPO) blir betalingar for handlar med aksjar, eigenkapitalbevis, sertifikat og obligasjonar gjorde opp, sjå eiga ramme på side 21. Verdipapirsentralen (VPS) er underlagd tilsyn av Finanstilsynet, og VPO er overvaka av Noregs Bank. Noregs Bank har to årlege overvakingsmøte med VPS, der Finanstilsynet deltek som observatør.


Oppgjjeret i VPO skjer gjennom to daglege nettooppgjjer, om lag klokka 06.00 og klokka 12.00. I 2012 blei 82 prosent av det daglege volumet gjort opp i morgonoppgjjeret. I gjennomsnitt blei det gjort opp 8,7 milliardar kroner per dag i VPO i 2012. Storleiken på oppgjjeret kan variere kraftig, sjå figur 2.11. Ved forfall av statskassevekslar under byteordninga, som skjer fire gonger i året, har oppgjjeret vore på opp mot 180 milliardar kroner.

Eit sentralt mål på effektiviteten i eit verdipapiroppgjjer er kor mange prosent av handlane som blir gjorde opp på den avtalte dagen. Dette blir kalla oppgjersgrad. Når ein måler oppgjersgraden, blir ein handel rekna som oppgjord når alle papira og heile kronebeløpet er levert. Delleveransar, det vil seie oppgjjer der berre delar av handelen er oppgjorde, blir ikkje talde med. Oppgjjer av handlane kan bli hindra av fleire grunnar. Til dømes kan partane mangle dekning for skyldnaden i handelen, eller handelen kan mangle stadfesting. VPS opplyser at oppgjersgraden var på vel 96 prosent i det norske verdipapiroppgjjeret i 2012. Ifølgje VPS svarer det til oppgjersgraden i andre internasjonale marknader.

Offentleg administrasjon og verdipapiroppgjjeret

Noregs Bank (som operatør av NBO) og VPS har hatt eit felles prosjekt for å avklare korleis verdipapiroppgjjeret

Figur 2.11 Dagleg omsetnad i verdipapiroppgjjeret. Milliardar kroner. 2012



skal handterast dersom ein bank blir sett under offentlig administrasjon. Eit sentralt spørsmål er om betalings-systemlova opnar for at ein bank under offentlig administrasjon kan sende og ta imot betalingar på administrasjonsdagen. VPS og Noregs Bank sende 19. desember 2012 kvar sitt brev til Finansdepartementet og bad departementet uttale seg om mellom anna dette spørsmålet. Når ei slik fråsegn ligg føre, vil VPS og Noregs Bank avgjere om regelverket skal opne opp for betalingar til og frå ein bank under offentlig administrasjon. Ein slik regel fører til at ein større del av handlane kan gjerast opp dersom ein bank må stengjast, og vil gjere VPO meir i samsvar med internasjonale standardar. VPS og Noregs Bank har bedt om at fråsegnen frå departementet blir gjord gyldig både under dagens nettooppgjjer og dersom VPO blir lagt om til å inkludere oppgjjer av transaksjonar enkeltvis (bruttooppgjjer).

Status i T2S-prosjektet (Target 2 Securities)

For å fremje ein felles verdipapirmarknad i Europa har ESB/eurosystemet²¹ etablert T2S-prosjektet. T2S skal vere ei felles IT-løysing som verdipapirregister og sentralbankar kan bruke for oppgjjer av verdipapir som blir handla i euro og andre europeiske valutaer. Den planlagde oppstarten av T2S er juni 2015. 22 verdipapirregister deltek no i prosjektet. Alle desse har oppgjjer i euro, bortsett frå danske VP Securities. Verdipapirregistra skal knyte seg til

21 Eurosystemet omfattar Den europeiske sentralbanken (ESB) og sentralbankane i land som har euro som nasjonalt betalingsmiddel.

T2S i fire puljar, der den siste puljen etter planen vil knyte seg til i februar 2017. Danske VP Securities skal knyte seg til i 2018. T2S føreset eit standardisert lovverk for verdipapirregister i land der T2S skal nyttast. Dersom prosjektet skal kunne gjennomførast etter planen, bør derfor EU-forordninga om verdipapirregister bli vedteken før T2S startar opp, sjå ramma på side 39.

VPS kunngjorde i februar 2012 at selskapet ikkje vil delta i T2S ved oppstarten i 2015. VPS ønskjer derimot å knyte seg til T2S seinare, truleg rundt 2018/2019.²² Vedtaket blei gjort etter at VPS og Noregs Bank hadde forhandla med ESB, og drøfta ei mogleg norsk deltaking med aktørane i marknaden. I forhandlingsperioden deltok VPS, Noregs Bank og DNB (som representant for den norske marknaden) i eit T2S-organ som gav marknadsaktørane innverknad på prosjektet. Etter VPS- vedtaket om å utsetje deltakinga har ikkje dei norske aktørane lenger tilgang til dette organet.

Vurderinga til Noregs Bank

Noregs Bank meiner at drifta i verdipapiroppgjeret var stabil i 2012. Systemet var tilgjengeleg 99,8 prosent av tida.

VPS vil gjennomføre ei sjølvevaluering etter CPSS-IOSCO-prinsippa i løpet av 2013. Noregs Bank vil gi si vurdering våren 2014.

2.3.3 Sentrale motpartar

Ein sentral motpart («central counterparty» – CCP) er ein institusjon som trer inn i ein handel mellom kjøparen og seljaren og erstattar den opphavlege kontrakten med to nye: éin mellom kjøparen og den sentrale motparten, og éin mellom seljaren og den sentrale motparten. Både kjøparen og seljaren må betale inn marginar som sikkerheit til den sentrale motparten. Kjøparen og seljaren kan nytte to ulike sentrale motpartar.

Oslo Clearing

Oslo Clearing fekk i 2010 konsesjon til å vere sentral motpart for aksjar på Oslo Børs. Finansdepartementet stilte krav om at handelmedlemmene på Oslo Børs skal

kunne velje mellom minst to sentrale motpartar. Oslo Clearing er i dag den einaste sentrale motparten på Oslo Børs, og er underlagd tilsyn av Finanstilsynet. Noregs Bank er overvakingsmyndigheit for Oslo Clearing og arrangerer to overvakingsmøte i året. Finanstilsynet deltek som observatør.

Ved utgangen av 2012 hadde Oslo Clearing 18 clearingmedlemmer, som til saman hadde 21 clearingmedlemskapar. Av desse 21 deltek 14 på vegner av seg sjølve (Direct Clearing Member), og dei resterande sju deltek på vegner av seg sjølve og andre børsmedlemmer (General Clearing Member), sjå ramma på side 21. I tillegg har Oslo Clearing ein sentral motpart (LCH.Clearnet) som medlem på derivatsida. Direkte medlemmer i Oslo Clearing er typisk større bankar, mens andre aktørar normalt er indirekte deltakarar.

Alle aksjehandlar på Oslo Børs blir melde til Oslo Clearing, som for kvart verdipapirforetak reknar ut nettoposisjon i kroner og for kvart enkelt verdipapir. Desse nettoposisjonane blir deretter sende til VPS for avrekning og oppgjer i verdipapiroppgjeret. Oslo Clearing deltek direkte i oppgjeret med eigen konto i Noregs Bank.

Ny clearingmodell

Oslo Clearing ferdigstilte i september 2012 ei oppdatering av clearingmodellen sin, CLARA, der eit sentralt element var å innføre ein felles clearing- og marginmodell for alle produktsegmenta. Oslo Clearing hadde fram til då separate regelverk og marginmodellar for høvesvis aksjar og derivat. Den nye modellen skal mellom anna gjere det lettare å oppfylle EMIR-forordninga²³, sjå nedanfor.

Etter oppdateringa av clearingmodellen må kundane velje om dei ønskjer segregering frå clearingmedlemmen, såkalla «registered client». Ein «registered client» er beskytta mot konkurs hos medlemmen sin ved å ha ein eigen konto både for posisjonane og sikkerheita (segregering). Dersom clearingmedlemmen går konkurs, skal posisjonane og sikkerheita kunne flyttast til ein annan

²² VPS (2012).

²³ Sjå ramma på side 39 for å få ei beskriving av EMIR. Det fulle namnet på forordninga er «The Regulation (EU) No 648/2012 of the European Parliament and of the Council of 4 July 2012 on OTC derivatives, central counterparties (CCPs) and trade repositories (TRs)».

clearingmedlem. Tidlegare hadde Oslo Clearing kontrakt med dei fleste sluttkundane som deltok i derivatclearinga, mens det no er opp til kundane om dei vil inngå ein slik kontrakt. Oslo Clearing si løysing, der kundane kan velje om dei vil vere «registered client», er i samsvar med krava i EMIR.

Med mindre sluttkundane vel å vere «registered client» blir marginkrava berekna per clearingmedlem og ikkje per sluttkunde. Clearingmedlemmen vil få «netta» posisjonane til sluttkundane mot kvarandre (og mot sin eigen posisjon) og på den måten få redusert marginkravet sitt. Marginkrava blir òg reduserte i den nye modellen ved at posisjonar i aksjar og aksjederivat i same underliggjande instrument kan «nettast» mot kvarandre.

Sluttkundane som ikkje er «registered client» stiller ikkje lenger marginar til Oslo Clearing, men direkte til clearingmedlemmen. Clearingmedlemmen – og ikkje Oslo Clearing – vil ha ansvaret for å dekkje posisjonane til ein sluttkunde som ikkje gjer opp for seg. Ein del av risikoen er dermed flytta frå Oslo Clearing til clearingmedlemmene. Som ei teneste for medlemmene bereknar Oslo Clearing marginkravet for kvar sluttkunde, slik at clearingmedlemmene kan krevje marginar på sluttkundenivå. Dersom medlemmene ikkje har gode rutinar for å krevje inn slike marginar, kan risikoen i systemet auke.

Uvisse rundt implementering av EMIR

Oslo Clearing er i ein prosess med å innrette seg etter krava i EMIR. EMIR er våren 2013 ikkje teken inn i EØS-avtalen, fordi forordninga gir ein kompetanse til myndigheita European Securities and Markets Authority (ESMA),²⁴ som har reist konstitusjonelle spørsmål som ikkje er avklarte.²⁵

Alle sentrale motpartar etablerte i EU (og i eventuelle EØS-land som har gjennomført lover som reknast som likeverdige med EMIR) må søkje om å få ny autorisasjon etter EMIR eller EMIR-ekvivalent regelverk. Ein slik søknad må sendast seinast seks månader etter at dei tekniske stan-

dardane for EMIR tok til å gjelde (15. mars 2013), og autorisasjonen skal gjelde for heile EU. Sentrale motpartar som er etablerte i tredjeland, altså utanfor EU, kan tilby tenester til bankar som er etablerte i EU, dersom dei har godkjenning som tredjelands sentral motpart av ESMA.

Fordi det er uvisse rundt implementeringa av EMIR i Noreg, blir det arbeidd med å leggje til rette for at Oslo Clearing kan søkje om godkjenning som tredjelands sentral motpart. Dersom Oslo Clearing ikkje får EMIR-autorisasjon eller tredjelands godkjenning tidsnok, vil selskapet ikkje lenger kunne tilby clearing til bankar som høyrer heime i EU. Om lag halvparten av kundane til Oslo Clearing er frå EU. Ei godkjenning som tredjelands sentral motpart føreset mellom anna at den norske verdipapirhandellova blir endra, slik at norsk lov blir likeverdig med EMIR. Ei arbeidsgruppe som Finansdepartementet har sett ned, har utarbeidd eit forslag til slik lovendring. Forslaget blei sendt til Finansdepartementet i brev 22. mars 2013 og er no ute på høyring, med høyringsfrist 26. juli 2013.

Oppkjøp av Oslo Clearing

17. desember 2012 blei det offentleggjort at Oslo Børs vil selje Oslo Clearing til den sveitsiske SIX-gruppa. Finansdepartementet må godkjenne salet. Dersom ei slik godkjenning blir gitt, ventar partane at salet blir gjennomført i 2. kvartal 2014. SIX er ansvarleg for drifta av den finansielle marknadsinfrastrukturen i Sveits og er underlagd tilsyn og overvaking som blir utført av det sveitsiske finanstillstyret og den sveitsiske sentralbanken.

Krav om fleire sentrale motpartar på Oslo Børs

Oslo Clearing fekk i 2010 konsesjon til å vere sentral motpart for aksjar på Oslo Børs. Finansdepartementet stilte krav om at handelmedlemmene på Oslo Børs skal kunne velje mellom minst to sentrale motpartar. Oslo Børs gjorde i 2010 ein intensjonsavtale med London-baserte LCH.Clearnet om clearingsamarbeid²⁶ på aksjar. Oslo Børs og LCH.Clearnet har allereie samarbeid på derivat-handlar. Ein ventar no at dei nødvendige avtalane er gjorde innan utgangen av 2. kvartal 2013. Ifølgje Oslo Børs har arbeidet gått tregare enn venta på grunn av

²⁴ Sjå ramma på side 39 for å få ei beskriving av ESMA.

²⁵ Sjå mellom anna side 62 i St.meld. nr. 5 (2012–2013)

²⁶ Samarbeid mellom sentrale motpartar blir ofte omtalt som «interoperabilitet».

forseinkingar i godkjenningar på europeisk myndighetsnivå om kva krav som skal stillast til slike avtalar.

Vurderinga til Noregs Bank

Etter vurderinga til Noregs Bank var drifta i Oslo Clearing stabil i 2012. Systemet var tilgjengeleg 100 prosent av tida for aksjar og 99,85 prosent av tida for derivat.

Oslo Clearing vil gjennomføre ei sjølvevaluering etter CPSS-IOSCO-prinsippa i 2013. Noregs Bank vil deretter gi si vurdering.

Andre sentrale motpartar med konsesjon

Det er to sentrale motpartar i Noreg i tillegg til Oslo Clearing: Nasdaq OMX Oslo NUF og NOS Clearing ASA.

Nasdaq OMX er ein filial av Nasdaq OMX Stockholm og gjer opp handlar i kraftderivat. NOS Clearing er sentral motpart for frakt- og sjøderivat. NOS Clearing blei i juli 2012 kjøpt opp av Nasdaq OMX Stockholm AB, som er eigd av Nasdaq OMX Group Inc. Målet er å integrere NOS Clearing inn i Nasdaq OMX i 2013.

Verken filialen Nasdaq OMX eller NOS Clearing er underlagde overvaking av Noregs Bank, ettersom dei ikkje blir rekna som systemviktige for den finansielle infrastrukturen. Noregs Bank har kontaktmøte med Nasdaq OMX og NOS Clearing for å følgje med på utviklinga i dei to selskapa. Finanstilsynet fører tilsyn med Oslo-filialen av Nasdaq OMX og NOS Clearing.

Ny europeisk regulering som gjeld finansiell infrastruktur

EU er i ferd med å etablere ei rekkje nye forordningar og direktiv for finansmarknadene og finansiell infrastruktur. Det er fleire målsetjingar:

- meir effektiv konkurranse i finansmarknaden
- større gjennomsiktighet når det gjeld handlar og prisar
- mindre risiko for uvisse om eigarskap av verdipapir
- redusert risiko for at marknaden sviktar fordi aktørane tek i bruk ny teknologi

Arbeidet med ny regulering er ikkje synkronisert. Mens enkelte av dei nye initiativa er vedtekte og implementerte, er andre framleis på høyring. Men for alle dei nye initiativa er arbeidet komme så langt at hovudtrekka lèt seg skissere.

EMIR-forordninga

Leiarane for G20 vedtok i Pittsburgh i 2009 tiltak for å redusere risikoen og auke gjennomsiktigheita i marknaden for OTC-derivat^{1,2}. Som eit svar på dette vedtok EU 4. juli 2012 EMIR-forordninga. Sentrale punkt i EMIR:

- pålegg bankar å gjere opp eigna OTC-derivat i sentrale motpartar
- stiller krav til risikostyring både for derivat som blir gjorde opp i sentrale motpartar, og for derivat som blir gjorde opp utanom sentrale motpartar (bilaterale oppgjør)
- har krav om at OTC-derivat skal rapporterast til transaksjonsregister

¹ OTC-derivat er derivat som ikkje er handla over børs.

² G20, The Pittsburgh Summit 2009, www.pittsburghsummit.gov/mediacenter/129639.htm

Detaljerte føresegner – også kalla tekniske standardar – for EMIR er utarbeidde av European Securities and Market Authority (ESMA). Det gjeld til dømes kriterium for kva derivat som er eigna for clearing³, kva krav som skal stillast til risikostyringa til sentrale motpartar, og krava om rapportering av derivat-handlar til transaksjonsregister. EMIR tok til å gjelde i august 2012 i EU, mens standardane som er utarbeidde av ESMA, tok til å gjelde 15. mars 2013. Finansdepartementet har satt i verk et arbeid for å tilpasse norsk lovverk til EMIR.

Markets in Financial Instrument Directive II (MiFID II)

MiFID II er ei utviding og ei fornying av MiFID frå 2007. Hovudmålet med MiFID II er å gjere finansielle

³ Oppgjør gjennom sentral motpart.

marknader meir effektive og robuste i tillegg til å forbetre investorvernet. Direktivet krev at klientar blir kategoriserte som motpartar, profesjonelle investorar eller ikkje-profesjonelle investorar, med ulike krav til rådgiving og informasjonsplikt for dei ulike kategoriane. MiFID blir utvida både for å følgje opp G20-leiarane sine vedtak i Pittsburgh-møtet i 2009 og for å svare på enkelte utviklingstrekk i marknaden. EU-kommisjonen sende i 2011 forslag om ny lovgiving på dette feltet ut på høyring. Her er nokre viktige trekk i forslaget:

- Auka krav om gjennomsiktighet ved etableringa av ei ny gruppe regulatoriske handelsplattformer, «organised trading facility» (OTF). Det omfattar alle organiserte handelsplattformer som ikkje blir fanga opp av kategoriane «regulerte marknader» eller MHF-ar (multilateral handelsfasilitet) i rammeverket i dag. OTF-ar vil få tilsvarende krav til (pre-trade) gjennomsiktighet som dagens regulerte marknadsplassar.
- Nye krav for å avgrense risikoen for ustabilitet og marknadsmanipulasjon ved «high frequency trading» (HFT). HFT-aktørar vil møte krav til risikokontroll og restriksjonar for mellom anna kor ofte dei kan endre ordrar, og auka informasjonskrav til mellom anna rapportering av handlestrategiar, modelar og system.
- Verdipapirføretak som tilbyr direkte marknadstilgang («Direct Market Access», DMA) til kundane, vil få

strengare krav til systema for risikokontroll og overvaking (pre- og post-trade) av handlane til kundane.

Delar av forslaget vil bli implementerte som regulering for å sikre at visse føresegner blir like på tvers av landegrensene, mens andre delar vil bli implementerte som eit direktiv.

Ny EU-forordning for verdipapirregister

EU-kommisjonen publiserte i mars 2012 eit forslag om nytt legalt rammeverk for verdipapirregister, men det er ikkje bestemt når det skal innførast. Viktige element i det nye rammeverket:

- standardisering av lengda på oppgjerssyklusar
- reglar for å bøteleggje falne handlar
- reglar om samanknytningar (lenkjer) mellom verdipapirregister
- ei føresegn om at eit register med konsesjon i eit EU-land skal kunne ytast tenester innanfor heile EU utan krav om etablering

Med lenkjer mellom verdipapirregister kan det leggjast til rette for at investorane fritt får velje verdipapirregister. Det kan gi meir konkurranse mellom register i ulike land. Etter forordninga vil register med konsesjon i eitt land kunne yte tenester innanfor EU utan krav om etablering. ESMA planlegg å lage standardar som utfyller forordninga innan 2014, og iverksetjing i EU er planlagt i 2015. Standardane skal

vere i mest mogleg samsvar med dei nye prinsippa for FMI-ar frå CPSS og IOSCO.

Securities Law Directive (SLD)

Verdipapir blir ofte eigde gjennom ei kjede av forvaltarar. Dersom eigarskapet er på tvers av landegrensene, kan ulike lover komme til å gjelde for dei same underliggjande verdipapira, og det kan oppstå juridisk uklarleik. EU-kommisjonen la i 2010 ut ei offentleg høyring om eit direktiv som skal harmonisere lovverket for registrering av eigarskap til og overføring av eigarskapet til verdipapir (SLD). Med SLD må

- alle som driv forvaltarregistrering, regulerast på EU-nivå og underleggjast detaljert tilsyn
- eventuelle konflikthar mellom lovgivinga i ulike land klarleggjast
- rettane til investorane garanterast (til dømes rett på dividende eller renter og stemmerettar)

SLD vil dermed gi betre vern av investor sine rettar ved eigarskap av verdipapir og leggje til rette for auka konkurranse på tvers av landegrensene. Det er venta at direktivet blir innført i 2013. Det eksisterande lovverket i Noreg er i all hovudsak i samsvar med direktivforslaget.

Referansar

- Bakke, Husevåg og Igland (2013): «Nye prinsipper for finansiell infrastruktur», *Staff Memo no. 3/2013*. Oslo: Noregs Bank
- Berge og Christophersen (2011): «Operational problems in banks – Effects on the settlement of payments in Norges Bank», *Penger og Kreditt no. 3/2011*. Oslo: Noregs Bank
- Betalingskortprosjektgruppa (2012): «Vurdering av tiltak i markedet for internasjonale betalingskort i Norge». Rapport frå ei prosjektgruppe med deltakarar frå Finanstilsynet, Konkurransetilsynet og Noregs Bank. Oslo: 31. januar 2012
- CPSS (2001): *Core Principles for systemically important payment systems*. CPSS Publications No 43, Januar 2001, Basel: BIS
- CPSS (2005): *Central bank oversight of payment and settlement systems*. CPSS Oversight report May 2005, Basel: BIS
- CPSS-IOSCO (2001): *Recommendations for securities settlement systems*. CPSS Publications No 48, November 2001, Basel: BIS
- CPSS-IOSCO (2002): *Assessment methodology for «Recommendations for Securities Settlement Systems»*. CPSS Publications No 51, November 2002, Basel: BIS
- CPSS-IOSCO (2004): *Recommendations for Central Counterparties*. CPSS Publications No 64, November 2004, Basel: BIS
- CPSS-IOSCO (2012a): *Principles for financial market infrastructures*. CPSS Publications No 101, April 2012, Basel: BIS
- CPSS-IOSCO (2012b): *Principles for financial market infrastructures: Disclosure framework and assessment methodology*. CPSS Publications No 106, Desember 2012, Basel: BIS
- ESB (2013): «Biannual information on euro banknote counterfeiting». Press Release 10 January 2013, ECB
- EU-kommisjonen (2012): «Further discussion on the review of directive 2007/64/EC on payment services in the internal market». New issues paper 2012, European Commission
- Finans Norge og TNS Gallup (2013): «Dagligbankundersøkelsen 2013». Finans Norge
- Finanstilsynet (2013): *Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) 2012. Finansforetakens bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)*. Oslo: Finanstilsynet
- Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2011): «Samordning og styring av IKT-relaterte investeringer i staten». Rundskriv nr. P-11/2011. Oslo: Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
- Gresvik og Haare (2009): «Costs in the Norwegian payment system», *Staff Memo no. 4/2009*. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2004): *Årsrapport om betalingsssystem 2003*. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2007): *Årsrapport om betalingsssystem 2006*. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2008): *Årsrapport om betalingsssystem 2007*. Oslo: Noregs Bank
- Noregs Bank (2011a): *Sedler og mynter – Årsstatistikk 2011*. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2011b): *Årsrapport om betalingssystem 2010*. Oslo: Noregs Bank

Noregs Bank (2012): *Årsrapport om betalingssystem 2011*. Oslo: Noregs Bank

St.meld. nr. 5 (2012-2013): *EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU. Sentrale prioriteringer og virkemidler i norsk europapolitikk*. Oslo: Utanriksdepartementet

VPS (2012): «VPS arbeider for tilknytning til T2S». Pressemelding 16. februar 2012

Tabellregister

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

Tabell 6: Talet på avtalar

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringar (giro) (millionar transaksjonar)

Tabell 10a: Bruk av betalingskort (millionar transaksjonar)

Tabell 10b: Bruk av terminalar (millionar transaksjonar)

Tabell 11: Overføringar over landegrensene registrerte i valutaregisteret (millionar transaksjonar)

Tabell 12: Bruk av betalingstenester (milliardar kroner)

Tabell 13: Debet- og kreditoverføringar (giro) (milliardar kroner)

Tabell 14a: Bruk av betalingskort (milliardar kroner)

Tabell 14b: Bruk av terminalar (milliardar kroner)

Tabell 15: Overføringar over landegrensene registrerte i valutaregisteret (millionar kroner)

Interbank

Tabell 16: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjerssystem (transaksjonar)

Tabell 17: Gjennomsnittleg dagleg omsetnad i avreknings- og oppgjerssystem (milliardar kroner)

Tabell 18: Tal på deltakarar i avreknings- og oppgjerssystem (ved årsslutt)

Tabell 19: Deltaking i SWIFT

Tabell 20: SWIFT-meldingar til og frå utanlandske brukarar (millionar transaksjonar)

Prisar

Tabell 21: Personkundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år

Tabell 22: Føretakskundar, prisar på innanlandske betalingstransaksjonar, betalingsmottak og kontantuttak. Vekta gjennomsnittsprisar (kroner). 1. januar kvart år

Tabell 23: Prisar på overføringar frå Noreg til land i EU/EØS-området. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Tabell 24: Prisar på mottak av beløp frå utlandet. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar. 1. januar kvart år

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,53	4,56	4,58	4,61	4,65	4,69	4,75	4,81	4,87	4,93	5,00
BNP, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 532	1 592	1 753	1 959	2 181	2 306	2 560	2 357	2 544	2 750	2 915
BNP Fastlands-Noreg, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 225	1 273	1 366	1 465	1 603	1 757	1 863	1 876	1 987	2 090	2 206
Konsumet i hushalda (milliardar kroner)	670	710	757	798	853	911	958	979	1 041	1 079	1 120
Kurs mot USD (årgjennomsnitt)	7,97	7,08	6,74	6,45	6,42	5,86	5,64	6,28	6,05	5,61	5,80
Kurs mot Euro (årgjennomsnitt)	7,51	8,00	8,37	8,01	8,05	8,02	8,22	8,73	8,01	7,79	7,47

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Pengemengda (M2)	882 915	904 217	972 013	1 085 330	1 233 749	1 440 205	1 494 802	1 529 940	1 609 936	1 709 189	1 772 477
Betalingsmiddel i alt (M1)	399 712	427 689	472 058	552 246	679 503	760 448	736 491	744 260	788 613	828 816	846 467
Setlar og myntar	40 283	41 685	43 340	46 530	48 247	49 543	49 128	48 399	48 725	48 983	48 388
Innskot på transaksjonskonti	359 429	386 004	428 718	505 716	631 256	710 905	687 363	695 861	739 888	779 833	798 079
Andre innskot	409 704	407 457	423 184	435 483	473 108	559 351	657 162	693 888	731 271	780 481	846 383
Banksertifikat og lutar i pengemarknadsfond	73 499	69 072	76 771	97 601	81 138	120 406	101 149	91 792	90 052	99 892	79 628

Tabell 3: Likviditet i banksystemet (millionar kroner)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken, årgjennomsnitt	15 647	24 690	21 337	28 666	24 536	24 867	41 713	75 111	46 832	46 498	32 167
Bankane sine innskot til reserverente i sentralbanken										1 039 ¹⁾	1 312
Innskot til sentralbanken (F-innskot)										26 344 ¹⁾	11 402
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån), årgjennomsnitt	538	2 978	18 788	14 694	34 411	46 670	67 515	66 242	72 759	32 351	15 352

1) Gjennomsnitt frå 3. oktober 2011

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Total	41 767	41 562	43 728	45 887	49 218	50 439	50 413	50 356	50 450	50 315	51 179
Setlar totalt	37 811	37 429	39 429	41 382	44 523	45 858	45 838	45 704	45 676	45 463	46 379
1000-kronesetlar	22 599	22 167	23 555	24 649	25 818	26 179	25 371	24 382	23 134	21 678	21 180
500-kronesetlar	7 626	7 732	8 278	9 060	10 374	11 213	11 882	12 722	13 623	14 542	15 633
200-kronesetlar	4 573	4 674	4 792	4 819	5 296	5 381	5 522	5 580	5 846	6 103	6 335
100-kronesetlar	2 270	2 091	2 012	2 021	2 119	2 121	2 083	2 029	2 062	2 099	2 149
50-kronesetlar	744	765	793	833	916	964	980	993	1 012	1 041	1 080
Myntar totalt	3 955	4 133	4 299	4 506	4 695	4 581	4 575	4 652	4 774	4 852	4 800
20-kronemyntar	1 387	1 561	1 667	1 778	1 849	1 665	1 541	1 556	1 599	1 629	1 638
10-kronemyntar	1 085	1 051	1 049	1 076	1 145	1 214	1 259	1 276	1 307	1 323	1 317
5-kronemyntar	505	515	538	563	598	630	654	664	674	679	662
1-kronemyntar	666	686	718	753	799	845	884	912	941	962	943
50-øremyntar	182	191	199	208	218	228	237	245	253	260	241
10-øremyntar	130	129	128	128	86	:	:	:	:	:	:

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Talet på bankar	153	152	148	149	147	149	149	149	145	142	138
Sparebankar	129	129	127	126	124	123	121	118	113	111	109
Forretningsbankar	16	15	13	14	15	16	18	20	20	19	17
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg	8	8	8	9	8	10	10	11	12	12	12
E-pengeføretak		4	5	5	4	3	3	3	3	3	2

Tabell 6: Talet på avtaler

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Avtalar om nettbank	1 934 318	2 429 694	2 976 690	3 282 793	4 009 321	4 438 137	4 841 244	5 299 502	5 549 230	5 772 707	6 092 944
Avtalar om nettbank – personkunder	:	:	:	3 221 839	3 683 843	4 089 644	4 471 351	4 865 720	5 097 505	5 300 353	5 595 545
Avtalar om nettbank – foretakskunder	:	:	:	60 954	325 478	348 493	369 893	433 782	451 725	472 354	497 399
Avtalar om å tilby eFaktura – foretakskunder	:	:	:	:	330	460	532	648	772	945	1 071
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder	:	:	:	:	2 149 356	2 914 946	4 074 429	5 249 722	6 358 929	7 932 093	9 713 391
Avtalar om bedrifts-terminalgiro					27 904	28 707	29 127	32 983	33 466	26 153	15 846
Avtalar om Brevgiro	1 787 462	1 707 428	1 540 768	1 453 825	1 189 770	1 152 349	906 957	810 818	759 995	723 867	681 023
Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro)	4 483 286	4 901 219	5 505 933	6 305 218	7 523 461	8 544 208	9 523 732	10 707 639	11 933 080	13 162 659	14 393 988
AvtaleGiro – betalingsmottakere	6 883	7 194	7 905	8 761	9 554	10 373	11 135	11 945	12 619	13 130	13 572
Autogiro – betalingsmottakere	1 265	1 232	1 187	1 243	1 441	1 350	1 170	1 342	716	708	690

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Talet på utferda kort	6 395	6 931	7 616	7 872	9 187	9 908	10 629	11 644	12 190	12 345	12 607
Kort med chip	:	:	:	:	1 235	2 540	3 848	6 516	10 066	11 600	12 053
Kort med magnetstripe	:	:	:	:	7 953	7 368	6 781	5 127	2 124	745	553
Talet på funksjonar i utferda kort	10 575	11 322	12 298	12 449	14 169	15 335	16 772	17 837	19 015	19 480	19 819
Debetfunksjonar	8 212	8 600	9 326	9 107	10 138	10 519	11 899	11 789	12 968	13 564	13 620
BankAxept	4 362	4 527	4 985	4 894	5 537	5 569	6 218	6 057	6 620	6 897	6 945
Betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap	3 850	4 073	4 341	4 214	4 601	4 949	5 681	5 732	6 349	6 667	6 675
Faktureringsfunksjonar (betalingskort oppretta av internasjonale kortselskap)	438	451	470	451	478	522	535	542	528	593	566
Kredittfunksjonar	1 925	2 271	2 502	2 891	3 553	4 294	4 338	5 506	5 519	5 322	5 634
Nasjonale kredittkort	681	646	535	546	548	647	625	629	642	662	630
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	1 244	1 624	1 967	2 345	3 005	3 647	3 713	4 877	4 877	4 660	5 004
Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort	82 294	93 456	94 386	96 591	100 021	109 821	119 953	122 359	125 684	130 397	137 564
Minibankar	2 188	2 217	2 180	2 184	2 250	2 272	2 283	2 253	2 193	2 194	2 157
Betalingsterminalar (EFTPOS)	80 106	91 239	92 206	94 407	97 771	107 549	117 670	120 106	123 491	128 203	135 407
Eigde av bankar	65 374	66 207	68 197	66 786	74 303	75 460	77 804	77 892	:	:	:
Eigde av andre	14 732	25 032	24 009	27 621	23 468	32 089	39 866	42 214	:	:	:
Talet på stader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort	52 705	59 100	63 976	73 242	78 656	85 490	94 708	96 152	97 722	100 758	105 726

Kunderetta betalingstenester

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjoner)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt	960,4	1 039,3	1 144,9	1 235,5	1 341,0	1 476,3	1 602,6	1 699,8	1 835,6	1 975,4	2 139,0
Debet- og kreditoverføringer (giro)	440,5	442,8	465,6	480,4	489,3	510,7	526,6	540,0	561,9	573,9	595,5
Elektronisk	331,3	348,9	384,3	411,8	437,4	462,3	483,9	503,6	533,5	550,0	574,8
Blankettbasert	109,3	93,9	81,3	68,6	51,9	48,4	42,7	36,5	28,4	23,9	20,7
Betalingskort (varekjøp)	517,8	595,0	678,1	754,2	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 401,4	1 543,4
Elektronisk	508,0	584,7	664,2	737,9	830,7	960,3	1 073,2	1 157,7	1 271,8	1 399,6	1 541,3
Manuelt	9,8	10,3	13,9	16,3	20,4	4,8	2,4	1,9	1,7	1,8	2,1
Sjekk	2,0	1,5	1,2	0,8	0,7	0,5	0,4	0,3	0,2	0,2	0,1

Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjoner)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Totalt	440,3	442,8	465,6	480,4	489,3	510,7	526,6	540,0	561,9	573,9	595,5
Kreditoverføringer¹	393,9	395,5	418,2	431,6	439,6	453,5	467,2	474,5	491,3	497,9	513,1
Elektroniske	299,9	314,8	348,5	371,9	395,6	412,7	430,5	443,6	467,1	477,1	495,1
Bedriftsterminalgiro	153,2	164,4	160,2	95,8	51,5	46,1	43,2	44,1	44,9	47,1	14,5
Nettbank	81,4	101,5	138,4	227,8	293,6	318,8	340,4	349,7	371,6	378,1	427,1
Nettbankløysingar for personkunder	:	91,6	112,0	131,8	144,0	154,2	171,2	205,4	220,2	229,6	243,0
Nettbankløysingar for føretakskunder	:	9,9	26,4	96,0	149,6	164,6	169,2	144,4	151,4	148,4	184,1
Mobilbank	-	-	-	-	:	:	:	0,1	0,2	0,8	3,3
Mobilbankløysingar for personkunder	-	-	-	-	:	:	:	0,1	0,2	0,8	3,3
Mobilbankløysingar for føretakskunder	-	-	-	-	-	-	:	0,0	0,0	0,0	0,0
Telegiro	26,8	25,5	24,8	21,8	16,9	13,9	12,2	12,7	11,1	9,7	8,3
Andre elektroniske kreditoverføringer	38,5	23,4	25,1	26,4	33,6	33,8	34,7	37,1	39,5	41,5	41,9
Blankettbaserte	94,0	80,6	69,7	59,8	44,0	40,8	36,7	30,9	24,2	20,8	18,0
Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising	4,9	4,2	3,0	2,6	1,0	1,7	1,3	1,2	0,9	0,7	0,6
Brevgiro	61,7	52,1	44,6	38,0	32,6	29,0	26,1	23,8	19,9	17,7	15,7
Giro innleverte på ekspedisjonsstad – kontobelastningar	27,1	24,4	22,0	19,2	10,4	10,1	9,3	5,9	3,4	2,4	1,8
Diverse giro registrert i bank ¹	0,3	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Direkte debiteringar	31,3	34,1	35,8	39,9	41,8	49,6	53,4	59,9	66,4	72,8	79,7
Giro innleverte på ekspedisjonsstad – kontante innbetalinger	15,0	13,2	11,6	8,9	7,8	7,6	6,0	5,6	4,2	3,1	2,7

¹ Diverse giro registrert i bank omfatter både kontante innbetalinger og kontobelastningar.

Tabell 10a: Bruk av betalingskort (millionar transaksjoner)¹

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Bruk av norske kort totalt (i Noreg og utlandet)	631,1	704,7	786,6	862,2	957,6	1 070,7	1 182,0	1 259,7	1 368,8	1 492,9	1 630,4
Varekjøp	517,8	595,0	678,1	754,5	851,0	965,1	1 075,6	1 159,5	1 273,5	1 401,4	1 543,4
Varekjøp utan kontantuttak	385,2	456,8	533,6	618,5	769,1	887,4	1 002,4	1 088,5	1 208,3	1 340,8	1 487,5
Varekjøp med kontantuttak	132,6	138,2	144,6	135,9	81,9	77,7	73,2	71,1	65,2	60,6	55,9
Kontantuttak utanom varekjøp	113,3	109,7	108,5	107,8	106,6	105,6	106,4	100,1	95,3	91,6	86,9
Bruk av norske kort fordelt etter funksjon											
Debetfunksjonar	601,4	669,5	743,6	809,2	904,2	1 001,3	1 102,8	1 172,1	1 270,6	1 375,4	1 487,7
BankAxept	548,3	615,3	681,7	745,7	817,4	896,1	987,7	1 045,0	1 123,6	1 207,7	1 299,1
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	53,1	54,2	61,9	63,5	86,8	105,3	115,1	127,1	146,9	167,7	188,6
Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)	13,9	14,8	16,3	19,1	17,7	20,5	22,6	21,4	19,1	19,5	20,5
Kredittfunksjonar	15,7	20,4	26,7	33,9	35,7	48,8	56,5	66,2	79,1	98,1	119,7
Nasjonale kredittkort	4,5	5,3	5,7	6,1	6,5	7,8	8,8	8,0	6,7	6,2	6,3
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	11,2	15,1	21,0	27,8	29,2	40,9	47,8	58,2	72,4	91,9	113,5
Innbetalingar på førehand (E-pengar)²	:	:	:	:	:	:	:	:	:	:	2,4
Bruk av norske kort i utlandet	31,5	36,2	38,3	38,8	50,6	70,4	74,4	82,7	103,4	122,9	154,4
Varekjøp	23,2	27,0	29,8	30,6	42,3	58,2	60,3	69,0	88,9	107,7	138,4
